

Randi Bergem, Finn Ove Båtevik,  
Kari Bachmann og Marit Kvangarsnes

## **Tidleg oppstart med nye læreplanar**

Kartlegging av erfaringar med førebuing og iverksetjing

Arbeidsrapport nr. 196

Høgskulen i Volda      Møreforskning Volda

2006

<b>Prosjekttittel</b>	Kartlegging av erfaringar ved skular som startar opp med nye læreplanar skuleåret 2005/2006
<b>Oppdragsgivar</b>	Utdanningsdirektoratet
<b>Prosjektansvarleg</b>	Møreforskning Volda
<b>Prosjektleiatarar</b>	Kari Bachmann, Høgskulen i Volda og Randi Bergem, Møreforskning Volda
<b>Ansvarleg utgivar</b>	Møreforskning Volda
<b>ISBN</b>	82-7692-258-9 (papirutgåve) 82-7692-259-7 (elektronisk utgåve)
<b>ISSN</b>	0805-6609
<b>Trykk</b>	Egset Trykk AS, 2006
<b>Opplag</b>	100
<b>Distribusjon</b>	<a href="http://www.moreforsk.no/volda.htm">http://www.moreforsk.no/volda.htm</a> <a href="http://www.hivolda.no/fou">http://www.hivolda.no/fou</a> Gnist Møre, P.B. 278, 6101 Volda Tlf. 70075385. Faks 70075386 E-post: <a href="mailto:sfsbok@hivolda.no">sfsbok@hivolda.no</a>

**Arbeidsrapportserien** er for faglege og vitskaplege arbeid som ikkje fullt ut stettar krava til forskingsrapportar. Det kan vere delrapportar innanfor større prosjekt, eller læremateriell knytt til undervisningsføremål.

Arbeidsrapportane skal vere godkjende av anten dekanus, gruppeleiar, prosjektleiar (for IAAI: instituttleiar) eller ein annan fagperson dei har utpeika. Kvalitetssikringa skal utførast av ein annan enn forfattar.

## **Forord**

Læreplanreforma Kunnskapsløftet skal innførast frå og med skuleåret 2006-2007. Kommunar og grunnskular hadde, etter søknad, høve til å ta i bruk heile eller delar av reforma frå og med skuleåret 2005-2006. På oppdrag for Utdanningsdirektoratet har Møreforskning Volda gjennomført ei kartlegging blant skular som starta med nye læreplanar hausten 2005.

Arbeidet med kartlegginga har gått føre seg i perioden desember 2005 til juni 2006. Forskargruppa har vore Randi Bergem, Finn Ove Båtevik, Kari Bachmann og Marit Kvangarnes. Kartlegginga er gjennomført av forskargruppa i fellesskap.

Kartlegginga er tufta på spørjeskjemaundersøkingar blant skuleeigarar, skuleleiarar, lærarar og foreldre, og på intervju med eit utval skuleleiarar og lærarar. Vi takkar dei som har vore med i spørjeundersøkinga, og informantane som er intervjuarar.

Vi vil også takke Utdanningsdirektoratet for eit interessant oppdrag og for godt samarbeid.

Volda, juni 2006

Randi Bergem  
Finn Ove Båtevik  
Kari Bachmann  
Marit Kvangarsnes

## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

## **Innhald**

<b>Forord</b> .....	<b>3</b>
<b>Innhald</b> .....	<b>5</b>
<b>Samandrag</b> .....	<b>7</b>
<b>1 Innleiing</b> .....	<b>9</b>
1.1 Kunnskapsløftet .....	9
1.2 Om oppdraget .....	10
1.3 Nye læreplanar. Endringar i skulen? .....	11
<b>2 Datagrunnlag</b> .....	<b>13</b>
2.1 Litt om skulane som starta med nye læreplanar skuleåret 2005-2006 .....	13
2.2 Spørjeundersøkingar og besøk ved skular .....	14
<b>3 Resultat frå kartlegginga</b> .....	<b>19</b>
3.1 Førebuing .....	19
3.1.1 Oppstart: Motivasjon, initiativ og pådrivarar .....	19
3.1.2 Planlegging .....	22
3.1.3 Kunnskap om og innsikt i reforma .....	23
3.1.4 Kompetanse og kompetanseutvikling .....	25
3.1.5 Ressursbruk .....	32
3.2 Iverksetjingsarbeidet .....	33
3.2.1 Læreplanen – innhald, struktur, forståing og betydning ..	34
3.2.2 2. framandspråk .....	44
3.2.3 Programfag til val .....	46
3.2.4 Ny fag- og timefordeling .....	50
3.2.5 Læringsplakaten .....	51
3.2.6 Endringar som følge av oppstart med L06? .....	52
3.3 Kva rolle spelar skulestorleik, organisasjonsmodell i kommunen, type skule osv for førebuing og iverksetjing av nye læreplanar? .....	56
3.4 Rolla til foreldra .....	58
<b>4 Oppsummering og konklusjonar</b> .....	<b>61</b>
<b>Litteraturreferansar</b> .....	<b>67</b>
<b>Figurvedlegg</b> .....	<b>69</b>

## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

## Samandrag

Føremålet med kartlegginga har vore å setje fokus på korleis førebuing og iverksetjing knytt til oppstart med nye læreplanar, ny fag- og timefordeling og læringsplakaten har foregått, og om erfaringane med arbeidet med nye læreplanar. Kartlegginga skal medverke til å skaffe informasjon som sentrale mynde, skuleeigarar og skular kan legge til grunn for oppstart med Kunnskapsløftet hausten 2006.

For å skaffe informasjon om erfaringane frå kommunar og skular, er det gjennomført spørjeundersøkingar blant alle skuleeigarane og skuleleiarane som har starta opp, og blant lærar og foreldre ved eit utval på 25 skular. I tillegg til spørjeundersøkingar er det gjennomført besøk ved eit utval skular (19), der vi har intervjuet skuleleiarar og lærarar.

Kartlegginga gir ikkje noko eintydig bilete av om det er skuleeigarar eller skuleleiarar, eventuelt i samråd med lærarar, som har teke initiativ til tidleg oppstart med nye læreplanar. Det varierer. Når det gjeld motivasjonen for tidleg oppstart med nye læreplanar er hovudintrykket at kommunar og skular har starta med heile eller delar av reforma fordi dette var ei reform dei måtte i gang med uansett, og at dei difor like gjerne kunne starte tidleg. Ved mange skular var årsaka til tidleg oppstart knytt til vedtaket om 2.framandspråk. Eit vedtak som vart endra med regjeringsskiftet, slik at faget likevel ikkje vart obligatorisk.

Planlegginga har gått føre seg på ulikt vis i kommunar og ved skulane. Vårt inntrykk er at det generelt har vore lite tid til langsiktig planlegging av oppstarten, og at det i mange tilfelle er snakk om planlegging undervegs.

Kartlegginga viser at skuleeigarar, skuleleiarar og lærarar har relativt god kunnskap om og innsikt i reforma generelt. Men det er fleire lærarar som etterlyser meir kunnskap om bakgrunnen for den nye læreplanen, og ikkje minst om fagplanane.

Behovet for kurs og kompetansehevingstiltak relatert til L06 er stort, både når det gjeld fagkunnskap, undervisningsmetode, vurderingsarbeid osv. Men vi vil poengtere at mange lærarar og skuleleiarar ser større verdi av utviklingsarbeid (kompetansehevingstiltak) som skjer ved eigen skule i tilknytning til arbeidet med nye læreplanar, enn ved deltaking på eit kurs som ikkje direkte er kopla til arbeidet ved skulen.

## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

Foreldra er for det meste informerte om oppstart med nye læreplanar, men har i liten grad vore deltakande i førebuinga og planlegginga av tidleg oppstart.

Fridomen og fleksibiliteten i utforming av læreplanar vert for det meste vurdert som positiv. Mange lærarar føler at dei meistrar dei utfordringane og mulegheitene som ligg i dette, både når det gjeld innhaldsmessige/faglege sider og undervisningsmåtar. Men somme lærarar er usikre på korleis dei skal følgje opp L06. Dette gjeld særleg lærarar på dei lågaste stega og ved dei minste skulane, der lærarane ofte følgjer elevane i alle faga.

Relativt mange skular tok utgangspunkt i vedtaket om obligatorisk 2. framandspråk når dei søkte om løyve til tidleg oppstart med nye læreplanar. Mange av desse vart skuffa, og måtte delvis legge om planane når ny regjering hausten 2005 avgjorde at faget likevel ikkje skulle vere obligatorisk. Skulane har i stor grad lagt opp til ei munnleg og praktisk tilnærming i 2. framandspråk. Mange stader er det eit populært fag, som resulterer i at ikkje alle kan få førstevalet. Men ei anna erfaring er at svake elevar strevar med dette faget.

Med tanke på programfag til val er erfaringane gode ved dei skulane som har starta berre med programfag, eventuelt eitt eller to fag til. Medan skulane som har starta med L06 i alle fag ikkje ser ut til å ha kome i gang med programfaga i særleg grad. Dette kan tyde på at programfag til val må ha meir fokus dersom ein skal få til målretta arbeid med faget.

Gjennomgåande er informantane positive til læringsplakaten. Dei positive haldningane ser ut til å ha samanheng med at dei opplever både dei etiske og pedagogiske verdiane som samanfallande med deira egne. Men hovudinntrykket er at læringsplakaten ikkje i stor grad er aktivisert bevisst ved skular som har starta med nye læreplanar.



## 1 Innleiing

### 1.1 Kunnskapsløftet

Kunnskapsløftet er ei læreplanreform for grunnskulen og vidaregåande opplæring, og vert innført frå og med skuleåret 2006-2007. Visjonen er å skape ein betre kultur for læring for eit felles kunnskapsløft.

Kunnskapsløftet er sett saman av ein generell del, læringsplakaten, fag- og timestfordeling og læreplanane for fag i grunnskule og vidaregåande opplæring.

Den **generelle delen** i læreplanen utdjupar formålsparagrafen i opplæringslova, skisserer overordna mål for opplæringa og inneheld det verdimeslige, kulturelle og kunnskapsmessige grunnlaget for grunnskulen og vidaregåande opplæring.

**Læringsplakaten** inneheld prinsipp for skulen og opplæringsverksemda i bedrifter. Læringsplakaten må sjåast i samanheng med lover, føresegner og den generelle delen av læreplanen. Læringsplakaten vil truleg verte innlemma i del 2 av læreplanen, som Kunnskapsdepartementet skal ferdigstille i juni 2006.

Læreplanen angir **fag- og timestfordeling** for hovudstega i grunnskulen og for årsstega i vidaregåande opplæring.

**Læreplanane for faga** skisserer føremål, hovudområde, omtale av grunnleggande dugleikar, kompetansemål og føresegner for sluttvurdering i faget.

Ny læreplan for grunnskulen (Kunnskapsløftet) vart vedteken i august 2005, og den var utgangspunktet for skular som starta med ny læreplanar skuleåret 2005-2006 (jf nedanfor). Som nemnt, vil del 2 av læreplanen ligge føre i juni 2006.

Utdannings- og forskingsdepartementet gav kommunar og grunnskular høve til å ta i bruk heile eller delar av reforma frå og med skuleåret 2005-2006, for 1.-9. årsstega. Utdanningsdirektoratet ønskte ei kartlegging av erfaringar som er gjorde i kommunar og ved skular som tok i bruk nye læreplanar hausten 2005. På oppdrag for Utdanningsdirektoratet har Møreforskning Volda gjennomført ei slik kartlegging. Denne rapporten presenterer resultatata frå kartlegginga.

## 1.2 Om oppdraget

Føremålet med kartlegginga er å få kunnskap om korleis førebuing og iverksetting knytt til oppstart med nye læreplanar, ny fag- og timefordeling og læringsplakaten har føregått, og kva erfaringar skulane har gjort i arbeidet med nye læreplanar. Direktoratet ønskte at undersøkinga skulle omfatte skuleeigarar, rektorar/skuleleiarar, lærarar og foreldre. Vidare skal erfaringane med førebuing og iverksetjing sjåast i lys av variablar som skulestorleik, skuletype, geografi, organisasjonsmodell i kommunen og organisering/grad av sjølvstyre ved skulen.

Kartlegginga skal medverke til å skaffe informasjon som sentrale mynde, skuleeigarar og skular kan legge til grunn for oppstart med Kunnskapsløftet hausten 2006. Dei sentrale problemstillingane i kartlegginga har vore:

### **Førebuing.**

- Motivasjon for å starte.
- Planlegging.
- Kunnskap om og innsikt i reforma.
- Kompetanse og kompetanseutvikling.
- Ressursbruk.

### **Iverksetjing:**

- Innhald og struktur i læreplanen, lærarane si forståing av læreplanen og kva planen har å seie for arbeidet til lærarane.
- 2. framandspråk. Som ein del av Kunnskapsløftet var det bestemt at 2. framandspråk skulle gjerast obligatorisk, men med ny regjering hausten 2005, vart dette endra, og 2. framandspråk er såleis ikkje obligatorisk fag.
- Erfaringar med utprøving av programfag til val på ungdomssteget.
- Fag- og timefordeling.
- Læringsplakaten.

Kartlegginga skal altså ha fokus på planlegging og iverksetjing, og ikkje på resultat av innføring av ny læreplan.

Det finst fleire pågåande forskingsprosjekt, finansierte av Utdanningsdirektoratet, med relevans for denne kartlegginga, og vi vil nemne mellom andre:

- Evaluering av "Forsøk med tidlig start i 2. fremmedspråk". Forsøket vert evaluert av Telemarksforskning-Notodden (t.d. Heinz og Simonsen 2006)
- Evaluering av "Kompetanse for utvikling. Strategi for kompetanseutvikling i grunnopplæringa 2005-2008", som vert evaluert av FAFO (t.d. Hagen, Nyen og Hertzberg 2006).

Tidlegare forskning om innføring av nye læreplanar kan også gje nyttig grunnlagsinformasjon i denne kartlegginga. Nedanfor skal vi sjå litt nærare på delar av denne forskinga.

### **1.3 Nye læreplanar. Endringar i skulen?**

Mykje tyder på at det er store utfordringar knytte til innføring av nye læreplanar i skulen. Skulen er ein stabil organisasjon som det er vanskeleg å endre (t.d. Cuban 1986; 1993; Tyack og Cuban 1995; Eisner 1992). Erfaringar viser at læreplanen ikkje automatisk får gjennomslagskraft i praksis i skulen. Forsking om innføringa av Læreplanverket av 1997 (L97) viser at undervisningspraksisen til lærarane er relativt stabil, og at han ikkje endrar seg særleg mykje som følge av ei læreplanreform (t.d. Bachmann m.fl. 2004; Monsen 1999; Bachmann 2002). Cuban hevdar at skulane og lærarane endrar reformene minst like mykje som reformene endrar skulen og lærarane (Cuban 1986). Kva meiningsinnhald læreplanen vert gitt i praksis ved skulane, er avhengig av den kommunikasjonen som skjer rundt læreplanen i den pedagogiske praksisen (Bachmann 2002, s. 63). På litt sikt ser det ut til at læreplanen har verknader dersom ein får til den typen kommunikasjon som er nemnt ovanfor (Bachmann m.fl. 2004).

Ekholm og Kull (1996) konkluderer med at det ikkje har skjedd store endringar i skulen. Også i Noreg ser det ut til at skulepraksis vert drive av stabilitet i utviklinga (Monsen 1999). Endringar skjer, men hovudsakleg som følge av kontinuerlig utvikling, som ikke utelukkande kan forklarast som resultat av læreplanreformer (Bachmann m.fl. 2004). Dette ser også ut til å ha vore tilfellet med Reform 97. L97 vart stort sett positivt motteken i skulen. Men dei små endringane som er registrerte i praksis i skulen, og når det gjeld endringsorientering hos lærarane, handlar om ein langvarig endringsprosess i grunnskulen, meir enn om innhaldet og strukturen i reforma i seg sjølv (NOU 2003: 16, s. 61).

Evalueringa av Reform 97 viser at lærarane rapporterer om større endringar i deira arbeid som følge av læreplanen etter at læreplanen har verka i 5-6 år, samanlikna med starten av reformforløpet (Bachmann m.fl. 2004). Det er imidlertid ikkje berre læreplanen i seg sjølv som står for denne endringa.

## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

Andre tiltak og verkemidlar har medverka til å stimulere kommunikasjon og refleksjon kring læreplanen. Difor er det viktig i ei læreplanreform at skulane og lærarane vert stimulerte til å kommunisere om læreplanen som program og kva implikasjonar det kan ha for den konkrete skulepraksisen. I tillegg til læreplanens direkte funksjon i skulepraksis, ved at lærarane brukar læreplanen og legg han til grunn for undervisningsplanlegging, kan læreplanen ha ein meir indirekte funksjon gjennom ulike iverksetjings- eller formidlingstiltak. Desse kan omtalast som sekundære læreplanbindingar (Cuban 1986). Døme på slike tiltak er læremidlar, kompetanseutvikling, evalueringstiltak og leiarutvikling. Det er tiltak og reiskapar som er relaterte til læreplanen som legitimeringsgrunnlag, men som samstundes kan knytast meir direkte til skulens praksis.

## 2 Datagrunnlag

### 2.1 Litt om skulane som starta med nye læreplanar skuleåret 2005-2006

Utdanningsdirektoratet ønskte at alle grunnskular og kommunar som starta med heile eller delar av reforma skulle vere med i kartlegginga. I utgangspunktet var det 216 skular i 85 kommunar som fekk løyve til tidleg oppstart med nye læreplanar. Nokre av desse skulane har likevel ikkje starta opp, i kartlegginga er det såleis 202 som er med.

Barneskular	96
Barne- og ungdomsskular	44
Ungdomsskular	76
<b>Skular som fekk løyve til oppstart</b>	<b>216</b>
<b>Skular som har starta opp</b>	<b>202</b>

#### Steg

Blant dei kombinerte barne- og ungdomsskulane har 23 skular starta med nye læreplanar både på barne- og ungdomssteget, medan 3 skular har starta berre på barnesteget og 18 av dei kombinerte skulane har starta berre på ungdomssteget. Elles er det stor variasjon mellom skulane når det gjeld kva steg som er omfatta av tidleg oppstart med ny læreplan. Den største gruppa er dei skulane som har starta med ny læreplan berre på 8. steget, noko som gjeld 76 av skulane. Dette kan forklarast med at desse elevane då vil vere omfatta av ny og same læreplan i alle åra på ungdomssteget. Somme skular har valt å starte med ny plan på alle stega, andre har valt å starte på 1. steget, heile småsteget (1-4) eller berre mellomsteget (5-7).

#### Fag<sup>1</sup>

Av barneskulane var det 55 skular som ville starte med ny læreplan i alle faga, av dei kombinerte barne- og ungdomsskulane 13, og av ungdomsskulane 37. Somme av desse skulane har valt å starte opp i eit utval fag, sjølv om søknaden i utgangspunktet galdt oppstart i alle fag.

---

<sup>1</sup> Det er vanskeleg å gje ei nøyaktig og god oversikt over kva fag skulane har starta med, fordi variasjonen er stor. Innanfor ein kombinert barne- og ungdomsskule kan det til dømes vere starta med alle faga for nokre steg, eitt eller to for fag ved eit anna steg osv. Somme skular har starta i alle faga med unntak av eitt eller to fag osv.

53 skular (48 ungdomsskular og 5 barneskular) ville starte med ny læreplan berre i 2. framandspråk, 10 skular berre i programfag og fire skular ville starte både i programfag og 2. framandspråk. Her må det også nemnast at ved ungdomsskular som har valt å starte i alle fag, omfattar det også 2. framandspråk og programfag.

38 skular har starta med ny læreplan i eitt eller fleire fag. Av desse har 12 skular starta både i norsk og matematikk, ni skular berre i matematikk. Resten har starta i kunst- og handverk, norsk eller engelsk, eventuelt ein kombinasjon av faga.

## 2.2 Spørjeundersøkingar og besøk ved skular

### Spørjeundersøkingane

For å skaffe informasjon om erfaringane frå kommunar og skular, er det gjennomført spørjeundersøkingar blant alle skuleeigarane og skuleleiarane, og blant lærar og foreldre ved eit utval på 25 skular. Utvalet av lærarar og foreldre vart gjort med utgangspunkt i å få variasjon når det galdt barne- og ungdomsskular, kommunestorleik og kva fag som var omfatta av oppstarten.

Spørjeskjemaundersøkingar	I utvalet	Svarprosent
Skuleeigarar (nettbasert)	85	66
Skuleleiarar (nettbasert)	202	55
Lærarar (pr.post)	172	51
Foreldre (pr.post)	149	46

Spørjeundersøkinga blant skuleigarar og skuleleiarar var nettbasert og gjort ved hjelp av dataprogrammet Questback. Spørjeskjema til utvalet lærarar og foreldre vart sendt til skulane, og rektor delte ut skjema til dei lærarane som var omfatta av tidleg oppstart ved sin skule, og til foreldre i FAU ved skulen. Dette var foreldre som representerte klasser som hadde starta med planen. Spørjeundersøkingane vart gjennomførte i perioden februar-mars 2006.

### Om informantane i spørjeundersøkinga

Blant **skuleeigarane** er svarprosenten 66. Skuleeigarane representerer ulike kommunar, 30 prosent er kommunar med færre enn 5000, innbyggjarar, 40 prosent er kommunar med mellom 5. og 20.000 innbyggjarar, 22 prosent med mellom 20. og 90.000 innbyggjarar og 8 prosent med 90.000 innbyggjarar eller meir.

## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

I alt 72 prosent av kommunane er organiserte med ulike modellar der det er eige etatssjefnivå.

94 prosent av skuleeigarane har sjølv bakgrunn frå skulen.

Svarprosenten blant **skuleleiarane** er 55, og skuleleiarane representerer i større grad enn eigarane store kommunar. I alt 19 prosent av skuleleiarane, som har svara på skjema, arbeider i kommunar med 90.000 innbyggjarar eller meir, medan 16 prosent arbeider i kommunar med færre enn 5.000 innbyggjarar.

34 prosent er skuleleiarar på skular med tilbod berre på barnesteget, medan ein like stor del er leiarar ved skular med tilbod berre på ungdomssteget. I tillegg er 11 prosent av skulane fådelte, medan 21 prosent er kombinerte barne- og ungdomsskular.

Skulane dei er ansvarlege for har, i 17 prosent av tilfella, hatt eller har status anten som demonstrasjons- eller bonusskule.

Av skuleleiarane er det 10 prosent som har erfaring i ein slik posisjon i tjue år eller meir, medan dei andre fordeler seg nokså likt mellom dei som har opp til ti års erfaring og dei som har erfaring i mellom ti og tjue år.

Spørjeundersøkinga blant **lærarane** gav ein svarprosent på 51. Av **lærarane** som svarar er 76 prosent kvinner og 23 prosent menn.

Det er svært få svar frå lærarar i dei minste kommunane. Berre to prosent av svara er frå lærarar i slike kommunar, medan 27 prosent er frå skular som ligg i kommunar med 90.000 innbyggjarar eller meir.

Det er likevel seks prosent av lærarane som arbeider i fådelte skular. Ut over dette arbeider 47 prosent av lærarane i skular med berre barnesteg, 33 prosent i skular med berre ungdomssteg og 15 prosent i kombinerte skular.

Spørjeundersøkinga blant **foreldrerepresentantane** gav ein svarprosent på 46. Svara frå foreldrerepresentantane er prega av at mange har høgare utdanning; 57 prosent har utdanning frå høgskule eller universitet som høgaste utdanning, medan 39 prosent har vidaregåande skule og 5 prosent har grunnskule som si høgaste utdanning.

Det er nokså lik fordeling mellom foreldre som er klassekontakt på barne- og ungdomssteget.

## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

I alt 11 prosent av foreldra bur i kommunar med færre enn 5.000 innbyggjarar, medan den største gruppa bur i kommunar med 90.000 innbyggjarar eller meir (33 prosent).

### Samla vurdering av informantane

Sjølvsagt hadde det vore ønskjeleg med høgare svarprosent i alle dei fire informantgruppene. Samla vurderer vi det likevel slik at svara gjev eit tverrsnitt av dei skuleeigarane, skuleleiarane, lærarane og foreldra som har vore omfatta av forsøket med nye læreplanar. Det kan likevel vere ei utfordring å sikre god balanse i relativt små talmateriale. I innsamlinga av opplysningar frå lærarar og foreldre var vi dessutan avhengig av at skuleleiarane følgde opp. Manglande direkte kontakt med dei som skal svare, kan redusere svarprosent og kanskje også legge grunnlag for større innslag av sjølvseleksjon. At vi har få lærarar frå dei minste kommunane kan vere eit døme på at innsamlingsmåten ikkje alltid har gitt like god balanse i svara. Likeeins kan den store delen av foreldrerepresentantar med høgare utdanning reflektere ei skeivfordeling. Ei anna forklaring til det siste kan også vere at rekrutteringa til foreldreutval/FAU er skeiv med tanke på utdanningsbakgrunn.

### Besøk ved skular

I tillegg til spørjeundersøkingar er det gjennomført besøk ved eit utval skular, der vi har intervjuet skuleleiarar og lærarar. Gjennom desse intervjuet har vi på dei fleste områda fått stadfesta inntrykket som spørjeundersøkinga har gitt. I tillegg har desse intervjuet gjeve oss høve til å gå djupare inn i problemstillingane, og mellom anna kunne finne forklaringar som ligg til grunn for erfaringane med planlegginga og iverksetjinga av nye læreplanar.

Ved nokre skular har vi intervjuet alle lærarane som er omfatta av tidleg oppstart med ny læreplan, ved andre skular er det gjort eit utval. Intervjuet gjekk føre seg i perioden mellom 16. mars og 2. mai 2006.

Besøk ved skular – intervju	Tal
Skuleleiarar	19
Lærarar	37

Intervjuet med lærarane vart hovudsakleg gjort som gruppeintervju, men i eit par tilfelle er det, av praktiske årsaker, gjennomført intervju med



## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

enkeltlærarar. Gruppeintervju vart brukt fordi det i mange samanhengar fører til meir refleksjon og vurderingar knytte til problemstillingane som vert drøfta, noko vi opplevde galdt også i dette tilfellet. Intervjua med skuleleiarar og lærarar varte frå ein til to og ein halv timar.

Både i spørjeundersøkingane og i intervju med skuleleiarar og lærarar, var tema knytte til hovudproblemstillingane for kartlegginga (jf kapittel 1.2.)

## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

## 3 Resultat frå kartlegginga <sup>2</sup>

Denne delen av rapporten tek føre seg resultatane frå kartlegginga. Drøftinga vert gjort i tilknytning til kvar av problemstillingane som gjeld førebuing til og iverksetjing av nye læreplanar. Problemstillingane vert belyste med data både frå spørjeundersøkingane blant skuleeigarar, skuleleiarar og lærarar, og frå intervjuet med skuleleiarar og lærarar. Resultat frå spørjeundersøkinga blant foreldra vert omhandla i kapittel 3.4.

### 3.1 Førebuing

Når det gjeld førebuing av tidleg oppstart med nye læreplanar har kartlegginga hatt fokus på følgjande problemstillingar:

- Motivasjon for å starte
  - Planlegging
  - Kunnskap om og innsikt i reforma
  - Kompetanse og kompetanseutvikling
  - Ressursbruk

#### 3.1.1 Oppstart: Motivasjon, initiativ og pådrivarar

På dette punktet har vi basert dei kvantitative opplysningane på svara frå skuleleiarane. Det er gjort fordi dei sit i ein posisjon der dei har god kjennskap til det som skjer både på eigarsida og leiarsida i skulen. Vi skal først sjå litt på det som gjeld initiativ til oppstart, og deretter gå nærare inn på vurderingane knytte til motivasjon for og årsaker til tidleg oppstart med nye læreplanar (jf. figur 1-2 i figurvedlegget).

- Over halvparten (55 prosent) av skuleleiarane seier at det var dei sjølve som tok **initiativet** til å starte opp med nye læreplanar.
- Lærarane har vore delaktige i initiativet i 26 prosent av tilfella, då som oftast i samarbeid med skuleleiar eller eigar.
- I tillegg til at eigar i ein del tilfelle har vore involverte saman med skuleleiarar og/eller lærarar, har eigarane teke initiativet til oppstart med L06 på eiga hand.

---

<sup>2</sup> I sjølve rapporten har vi valt å presentere data i tekst og ikkje som tabellar eller figurar. Men figurar som illustrerer svarfordelinga på dei fleste spørsmåla finst som vedlegg i rapporten.

## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

- Det er ikkje vesentlege variasjonar i tilbakemeldingane frå ulike kommunar. Skuleleiarar i kommunar som er organiserte med etatssjefar opplever i nokon større grad enn andre at det er kommunen som har teke initiativ til innføringa av nye læreplanar, men det er ikkje snakk om store skilnader.

Kven som tok initiativet til å starte opp med nye læreplanar, varierer altså frå kommune til kommune. I ein relativt stor kommune med to nivå, vert det sagt at denne typen avgjerder er det skulenivået som har ansvar for:

Beslutningen ble tatt på skolenivå. På kommunalt nivå er ikke dette tatt opp i det hele tatt.

Andre stader har skulesjefen eller rådmannen i kommunen vore pådrivarar i prosessen.

Kommunen står formelt som initiativtakar, men skulen med rektor og lærarar har vore med i heile prosessen.

I ein mellomstor kommune vert dette sagt om kven som tok avgjerda om å starte:

Skulesjefen tilrådde å ta fatt på nye læreplanar fordi han meinte det kunne vere fint med eit innkøyringsår.

Nettopp dette ser ut til å vere eit sentralt motiv for tidleg oppstart. I intervjuet med skuleleiarar og lærarar har vi gått nærare inn på kva som har vore motivasjonen for å starte opp. Mange av lærarane og rektorane gav i intervjuet uttrykk for at deira motivasjon for å starte, var at L06 var ei reform som ville kome, og at det var klokt å vere i forkant og få erfaringar før endeleg oppstart 2006-2007. Dette sitatet illustrerer godt kva motiv mange kommunar og/eller skular hadde for å starte tidleg med nye læreplanar.

Det var like greitt å starte no, fordi vi skulle starte hausten 2006 uansett.

53 skular ville starte med ny læreplan i 2. framandspråk. For desse var motivet for å starte hausten 2005 nettopp å prøve ut dette faget og det obligatoriske elementet i det.<sup>3</sup>

Vi bestemte oss for å begynne med ny læreplan, for vi var der allereie. Det matchet bra med de skrivene som var sendt ut til høring. Derfor

---

<sup>3</sup> Seinare i rapporten kjem vi nærare inn på erfaringane med 2.framandspråk.

## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

tenkte vi det var larest å starte med en gang i stedet for å vente et år. Mye av grunnen lå i forhold til dette med 2. fremmedspråk. Vi er derfor skuffet over at dette ikke vil opprettholdes.

Nokre har gitt uttrykk for at dei var førespegla ekstra ressursar frå kommunen knytt til overgangen til L06, og at dette var ein motiverande faktor. Dei såg at det låg muligheter i dette, og vart skuffa då dei forventa midlane ikkje kom. Somme lærarar seier skulen har fått tildelt ekstra midlar, og at det har medført etterutdanningskurs som dei har opplevd som stimulerande i arbeidet med å implementere den nye læreplanen.

Ved ein skule fortel rektor at dei er med i eit nettverk som er organisert frå ein høgskule, og at dette i stor grad låg til grunn for valet om tidleg oppstart.

Der fekk vi informasjon om den nye læreplanen, og det var det som utløyste tiltaket.

Ved denne skulen var dei også særleg motiverte for å starte opp med programfag fordi dei hadde ein lærar som hadde vore med på å utvikle faget på nasjonalt nivå. Altså var skulen på sett og vis allereie inne i endringsarbeidet knytt til ny læreplan.

Mange skular formidlar ei positiv haldning til endring og utvikling generelt, og for desse er det sjølvsagt å vere tidleg ute. Ein rektor sa det slik:

Dersom det var nokon som skulle meistre dette, så måtte det vere vi.

Svært mange av dei vi har intervjuja gir uttrykk for at L06 er eit resultat av endringar i tida. Dette er endringar som både skule og lærarar allereie har fanga opp og teke konsekvensen av på ulikt vis. Det er ein av grunnane til at dei var motiverte for å starte opp med den nye læreplanen.

Læringsplakaten (jf også kapittel 3.2.5) vert også nemnt som årsak til oppstart:

Læringsplakaten var litt av grunnen til at vi ville gjerne ville vere med på tidleg oppstart.

Mogelegheitene i den nye læreplanen vert også framheva som årsak og motiv for tidleg oppstart. Den nye læreplanen gav rom for å prøve ut nye metodar. Ved somme skular blir det trekt fram at den nye læreplanen har stimulert dei til å vere på leit etter nye arbeidsformer i undervisinga.

Kven som har teke initiativet til tidleg oppstart, og kva som har vore motivet varierer altså mellom kommunar og skular. Men kartlegginga viser at svært mange har starta opp fordi dette var ei reform som dei uansett skulle i gang med. Tidleg oppstart gav såleis eit høve til å vere i forkant og prøve ut arbeidet med den nye planen i nokre fag eller alle fag, før endeleg iverksetjing hausten 2006.

### 3.1.2 Planlegging

Planlegginga av den nye læreplanen har vore lagt opp ulikt i kommunane og ved skulane. Nokre stader har kommunen gått systematisk til verks og organisert kurs og fagplangrupper for dei ulike skulane i kommunen. Dei ulike fagplangruppene har arbeidd med å konkretisere innhald og mål knytt til dei ulike faga. I andre kommunar er det kvar enkelt skule som har stått for planlegginga. Ved desse skulane har planlegginga mellom anna gått føre seg på den måten at leiing og lærarar først har felles drøftingar, deretter har dei delt inn i grupper som har hatt ansvar for kvar sine fag. Sitat frå ein skuleleiarar illustrerer korleis ein skule arbeidde med oppstarten:

Vi byrja med høringsutkastet og sette oss inn i det som var nytt, særleg læringsplakaten og kompetansemåla. Vi gjekk ikkje så detaljert inn i den generelle delen. Vi måtte fordele kompetansemåla utifrå kva elevane skal kunne på 4. og 7. trinn. Vi jobba mykje med dette. Men det vart litt mykje ekstraarbeid på grunn av stadige endringar i læreplanutkastet frå sentralt hald

Der kommunen har teke initiativet, har det i nokon grad vore henta ressurspersonar utanfrå til oppstart og planleggingsaktivitet. Skulane som har opplevd mangel på oppfølging frå kommunen si side har i somme tilfelle kompensert dette mellom anna med eit godt samarbeid med høgskular:

Folkene fra høgskolen er blitt en del av inventaret. Høgskolen søker FoU midler innenfor norsk og matematikk. Og skolen er inkludert i disse søknadene. Tanken er at de skal følge opp dette.

Ved mange skular ser rektor ut til å ha ei tydeleg rolle i innføringa av den nye læreplanen. Dette viser seg mellom anna ved at det er blitt avsett felles tid og velorganisert læreplanarbeid. Nokre av rektorane gir også uttrykk for at det har vore ei viktig oppgåve å informere. Ein rektor seier at ein viktig del av reforma også handlar om at lærarane må utvikle haldingane sine til eiga læring:

## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

Vi ynskjer å arbeide med lærarrolla og utvikle oss til å bli ein lærande organisasjon.

Fleire lærarar framhevar det som positivt at skulen har fått midlar til å reise på hotell og delta på kurs, medan andre etterlyser meir systematisk og målretta skulering for planlegging og oppstart med ny læreplan.

Nesten alle informantane fortel at elevar og foreldre i liten grad har vore involverte i planleggingsarbeidet. Samarbeidet med foreldra ser ut til å ha avgrensa seg til informasjon på foreldremøte anten undervegs eller før oppstart med den nye læreplanen. Ein rektor seier det slik:

Det er eit problem å skape eit forum der foreldre er aktive deltakarar. Det er også eit problem å engasjere elevane nok i det som skjer, si eiga utvikling og planlegging av læringa.

Svak foreldremedverknad i oppstart med nye læreplanar gjeld ikkje berre planleggingsfasen, men generelt. Dette kjem vi tilbake til i punkt 3.4.

### 3.1.3 Kunnskap om og innsikt i reforma

Med tanke på kunnskap om og innsikt i reforma er tilbakemeldingane svært ulike (jf. figur 3-5 i figurvedlegget). Skuleeigarane og rektorane synest gjennomgåande å meine at dei har meir kunnskap om og innsikt i reforma enn lærarane. Dette kan truleg knytast til at skuleeigarar og rektorar i større grad enn lærarar har tilgang til fleire arenaer der det er gitt informasjon om den nye læreplanen. Med utgangspunkt i intervjuet som er gjort med skuleleiarar og lærarar er det vårt inntrykk at begge desse gruppene har relativt god kunnskap om og innsikt i den nye reforma .

**Skuleeigarane** har skaffa seg informasjon om reforma frå følgjande kjelder:

- Viktigaste kjelde for informasjon for eigarane har vore **Utdanningsdirektoratet**. Det er 53 prosent av eigarane som svarar at direktoratet i høg grad har vore kjelde til slik informasjon, medan 31 prosent seier dette i middels grad har vore tilfelle.
- I tillegg til Utdanningsdirektoratet er **andre skuleeigarar og høgskular og universitet** den viktigaste informasjonskjelda. (37 prosent har i høg grad nytta skuleeigarar som informasjonskjelder, medan 39 prosent har i middels grad gjort det same. 37 prosent har i høg grad nytta høgskular/universitet som informasjonskjelder, medan 25 prosent har i middels grad gjort det same)

## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

- Det er 24 prosent av skuleeigarane som i høg grad har brukt **fylket** som informasjonskjelde, medan 39 prosent i middels grad har hatt nytte av det regionale nivået i ein slik samanheng.

Læreplanen for 1.-10 årsstega vart vedteken i august 2005, men somme skular hadde teke utgangspunkt i høyringsutkastet til læreplan når dei byrja planlegginga. Såleis kunne dette føre til meirarbeid for desse skulane på dei punkta der høyringsutkastet og den vedtekte planen ikkje samsvarte. Men i og med at somme skular valde høyringsutkastet som grunnlag, måtte dei rekne med at dette kunne skje. Imidlertid er det meir forståeleg at endringa som vart gjort når det gjaldt 2. framandspråk (frå obligatorisk til ikkje obligatorisk) skapte frustrasjon ved mange skular.

Dei viktigaste kjeldene for læring og utvikling for **skuleleiarane** er knytt til det som her skjedd på eigen skule:

- Skuleleiarane trekkjer i størst grad fram **personleg refleksjon over eigen praksis**, noko heile 84 prosent ser som viktig.
- Andre former for intern læring har skjedd i form av **erfaring frå eigen skule** (viktig for 75 prosent), gjennom **kollegaer** (viktig for 72 prosent) og gjennom **systematisk vurdering av praksis** ved eigen skule (viktig for 58 prosent).
- Viktigste kjelde til læring og utvikling utanfor skulen har vore ulike former for **etterutdanning, kurs, seminar og skulebesøk**. I alt 58 prosent av skuleleiarane opplever at dette har anten vore svært eller litt viktig.
- Deretter følgjer deltaking på **konferansar** ( 47 prosent) og **faglitteratur, forskingsrapportar og fagtidsskrift** (43 prosent).

Også i intervjuet var fleire av rektorane opptekne av den interne prosessen på skulen og at denne var viktig for å spreie kunnskap om reforma frå leiargruppa og ut til lærarane.

I tilbakemeldingane frå **lærarane** er på like line med skuleleiarane det skuleinterne arbeidet sentralt i eiga læring og utvikling i forhold til L06:

- Viktigste er eigne **kollegaer** (via samtalar/diskusjonar /observasjonar. I alt 60 prosent av lærarane opplever dette som viktig.



- **Personleg refleksjon over eigen praksis** blir også vurdert som viktig frå lærarhald (55 prosent opplever dette som viktig).
- Deretter følgjer **erfaring frå eigen skule**. Det er 41 prosent opplever dette som viktig, medan 31 prosent seier det same om **systematisk vurdering av praksis ved eigen skule**.
- Som nummer fem og seks på lista følgjer først **etterutdanning, kurs, seminar og/eller skulebesøk** (28 prosent) og deretter deltaking på **konferansar** (14 prosent).

Ut over dette etterlyser fleire lærarar gjennom dei kvalitative intervjuar meir kunnskap om og innsikt i **bakgrunnen** for den nye læreplanen. Fleire av lærarane etterlyser også meir konkrete retningslinjer for iverksettinga knytt til ulike fag, og etterspør eit nærare samarbeid mellom dei som lagar lærebøker og departementet.

### 3.1.4 Kompetanse og kompetanseutvikling

#### Innleiing

Kompetanse og kompetanseutvikling er stadig sentrale stikkord i skulen generelt og i samband med reformer spesielt. I tilknytning til iverksetjing og gjennomføring av Kunnskapsløftet er det på gang ei statleg satsing på kompetanseutvikling: «Kompetanse for utvikling. Strategi for kompetanseutvikling i grunnsopplæringa 2005-2008». Strategien er ein relativt open strategi, noko som inneber konkretisering og iverksetjing lokalt. Føremålet med ei slik tilnærming er at kompetanseutviklinga skal ta utgangspunkt i lokale behov og på den måten medverke til at tiltaka samsvarar med opplevde behov.

Evalueringa av kompetanseutviklingsstrategien viser at prosessane rundt kompetanseutvikling i stor grad er styrte av skuleeigarane (Hagen, Nyen og Hertzberg 2006). Hagen mfl (2006) meiner at dette kan vere ein fordel for å kunne sjå kompetansen i kommunen i samanheng, men ei ulempe med toppstyrte prosessar er at dei kan føre til svakare engasjement og manglande felles forståing på skulenivå og lærarnivå. Nedanfor skal vi sjå nærare på korleis kompetanseutviklingsarbeidet går føre seg i kommunar og skular som starta med nye læreplanar hausten 2005.

#### **Kompetanse og kompetanseutvikling i kommunar og skular med tidleg oppstart med nye læreplanar**

Kartlegginga blant skular som har starta tidleg med nye læreplanar viser at det generelt ikkje har vore omfattande kurs- og kompetansehevingaktivitet

## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

i kommunar og ved skular i tilknytning til Kunnskapsløftet, men at behovet for kompetanseutvikling er stort (jf. figur 6-10 i figurvedlegget).

**Skuleleiarane** gjev uttrykk for at dei både har opplevd eit behov for kompetanseutvikling i samband med innføringa av L06, og at det har vore gitt tilbod om slike tiltak ved skulen som dei har ansvar for:

- I alt 83 prosent er heilt eller delvis einige i at personale ved skulen gir uttrykk for **behov for kompetanseutvikling**.
- 77 prosent av skuleleiarane seier at personale ved skulen gjev uttrykk for behov for **kurs i fag**, medan 70 prosent svarar at personalet gir uttrykk for behov i **metodiske kurs**.
- For sin eigen del opplever 75 prosent av skuleleiarane at skuleeigar har tilbode/formidla **leiarutvikling** for rektor.
- 72 prosent av skuleleiarane svarar at skuleeigar har tilbode/formidla **kompetansehevande tiltak for lærarane**.
- Så mange som 70 prosent meiner at L06 har **endra satsinga på kompetanseutviklinga** ved skulen

I følge **skuleleiarane** har personalet ved mange av skulane vore tilbode eit breitt utval kurs i samband med innføringa av L06.<sup>4</sup> Dei mest vanlegaste tilboda har vore:

- **IKT/digital kompetanse:** 78 prosent av skulane har hatt tilbod til personalet.
- **Matematikk:** 71 prosent av skulane har hatt tilbod til personale
- **KRL:** 68 prosent av skulane har hatt tilbod til personale
- **Tilpassa opplæring:** 64 prosent av skulane har hatt tilbod til personale
- **Læring/læringsarbeid:** 63 prosent av skulane har hatt tilbod til personalet.
- **Skuleleiing:** 63 prosent av skulane har hatt tilbod til personalet.
- **Framandspråk:** Når det gjeld framandspråk 2 eller 3, har 56 prosent av skulane hatt tilbod til personalet. I **ungdomsskular og kombinerte barne- og ungdomsskular** er det 86 prosent av skulane som har hatt eit slikt tilbod til personalet.
- **Norsk:** 52 prosent av skulane har hatt tilbod til personalet.
- **Lokalt læreplanarbeid:** 50 prosent av skulane har hatt tilbod til personalet.

---

<sup>4</sup> I spørjeskjemaet vart det spurt om kurs/kompetansehevingstilbod som var knytte til innføring av L06. Men det kan likevel vere at nokre av svara viser til kurs og kompetansehevingstilbod som ikkje spesielt er knytt til oppstart med L06, men til kompetanseheving meir generelt.

## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

- **Skuleutvikling:** 42 prosent av skulane har hatt tilbod til personalet.
- **Naturfag:** 36 prosent av skulane har hatt tilbod til personalet. Færrest tilbod om kompetansekurs har det vore i programfag, kunst og handverk, elevvurdering, skulevurdering og i temaorganisert opplæring og prosjektarbeid. Men ser vi på ungdomsskulane og dei kombinerte skulane har 53 prosent av forsøksskulane hatt tilbod om kompetansekurs i **programfag** for personalet ved skulen.

Det er også fleire område der mange **skuleleiarar** etterlyser tilbod. I størst grad gjeld det:

- **Elevvurdering:** 59 prosent av skuleleirane gjev uttrykk for behov for eit slikt tilbod til deira skule.
- **Skulevurdering:** 55 prosent av skuleleirane gjev uttrykk for behov for eit slikt tilbod til deira skule.
- **Kunst og handverk:** 53 prosent av skuleleirane gjev uttrykk for behov for eit slikt tilbod til deira skule.
- **Naturfag:** 53 prosent av skuleleirane gjev uttrykk for behov for eit slikt tilbod til deira skule.
- **Lokalt læreplanarbeid:** 42 prosent av skuleleirane gjev uttrykk for behov for eit slikt tilbod til deira skule.
- **Skuleutvikling:** 39 prosent av skuleleirane gjev uttrykk for behov for eit slikt tilbod til deira skule.
- **Temaorganisert opplæring og prosjektarbeid:** 38 prosent av skuleleirane gjev uttrykk for behov for eit slikt tilbod til deira skule.
- **Tilpassa opplæring:** 32 prosent av skuleleirane gjev uttrykk for behov for eit slikt tilbod til deira skule.
- **Norsk:** 31 prosent av skuleleirane gjev uttrykk for behov for eit slikt tilbod til deira skule.
- **Programfag:** 30 prosent av skuleleirane gjev uttrykk for behov for eit slikt tilbod til deira skule. I ungdomsskular og kombinerte barne- og ungdomsskular er det 46 prosent av skuleleiarane som etterlyser eit slikt tilbod til personalet i programfag.
- **Læring/læringsarbeid:** 29 prosent av skuleleirane gjev uttrykk for behov for eit slikt tilbod til deira skule.

Tala framanfor gir inntrykk av at det har vore eit omfattande og godt tilbod når det gjeld kurs- og kompetansehevingstiltak i tilknytning til oppstart med L06. Men dette inntrykket samsvarar ikkje heilt med det som lærarane gir

## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

uttrykk for. Dei tilboda som er gjevne, må vurderast opp mot kva tilbod **lærarane** faktisk har **delteke** på:<sup>5</sup>

- Det tilbodet som flest lærarar har nytta er **lokalt læreplanarbeid**. Til saman 38 prosent av lærarane har delteke på kompetansekurs i lokalt læreplanarbeid i samband med innføringa av L06.
- I alt 34 prosent av lærarane har delteke på kompetansekurs i **IKT/digital kompetanse**, medan 31 prosent har delteke på kurs om **læring og læringsarbeid**.
- Det fjerde mest vanlege kurstilbodet lærarane har delteke på er **tilpassa opplæring**. Her er det 26 prosent av lærarane som har delteke.
- For dei fleste andre temaområde/fag er det mellom 11 og 18 prosent av lærarane som har delteke på kurs/kompetansetiltak i slike fag.
- Det har vore gjennomført færrest kompetansekurs i **programfag** (9 prosent), **kunst og handverk** (4 prosent) og **naturfag**. Ingen av lærarane som har svara på skjemaet har delteke på kompetansekurs i naturfag.

I ein del tilfelle har **lærarane** hatt tilbod om kurs, men **ikkje delteke**. Dette har ikkje stort omfang. Størst omfang har det i **KRL**, der 15 prosent av lærarane har hatt eit slikt tilbod, utan å bruke det.

Samstundes er det mange av **lærarane** som **etterspør kompetansekurs**, som dei ikkje sjølve har fått tilbod om å delta på:

- Meir enn halvparten av lærarane etterspør kurs i **elevvurdering** (65 prosent), **tilpassa opplæring** (60 prosent), **temaorganisert opplæring** (57 prosent), **skulevurdering** (55 prosent) og **IKT/digital kompetanse** (51 prosent).
- Om lag halvparten av lærarane etterspør kurs i **læring/læringsarbeid** (49 prosent), **norsk** (47 prosent), **kunst og handverk** (47 prosent), **matematikk** (45 prosent), **naturfag** (43 prosent) og **skuleutvikling** (42 prosent).
- Om lag ein tredel av lærarar etterspør kurs i **programfag** (35 prosent), **lokalt læreplanarbeid** (34 prosent) og **KRL** (30 prosent).
- Minst etterspurnad er det etter kurs i **framandspråk 2 eller 3** (27 prosent) og **skuleleiing** (19 prosent).

---

<sup>5</sup> Vi vil igjen minne om at spørsmålet var stilt slik at det galdt kurs/kompetanseheving i tilknytning til oppstart med L06. Men det kan vere at nokre svarar meir generelt med utgangspunkt i kva kurs/tilbod dei har delteke på i tilknytning til innføring av L06 siste 12 månadene.

Kompetanseutviklinga for personalet skjer i følgje **skuleleiar** både internt på skulen og gjennom påfyll av kompetanse utanfrå:

- **Kompetansehevingstilbod** og møteverksemd **ved skulen** knytt til kompetanseutvikling er noko som 90 prosent av skulane har tilbod om årleg eller oftare, 80 prosent halvårleg eller oftare og 61 prosent kvar månad eller oftare. Det er til og med 23 prosent av skulane som har tilbod om slik aktivitet kvar veke.
- Vidare har 88 prosent av skulane tilbode personalet **fagspesifikke etter-/ og vidareutdanningstilbod** kvart år eller oftare, medan 58 prosent har hatt slike tilbod kvart halvår eller oftare, og 22 prosent har hatt tilsvarande tilbod kvar månad.
- Av andre tilbod har personalet ved meir enn 70 prosent av skulane tilbod om didaktiske eller metodiske etter-/vidareutdanningstilbod, utviklingsprosjekt initiert av kommunen, sentrale/ regionale kompetansehevingstilbod eller konferansar og nettverkssamarbeid mellom skule og eksterne institusjonar minst ein gong i året.

Vurdert frå **lærarhald**:

- **Kompetansehevingstilbod** og møteverksemd **ved skulen** knytt til kompetanseutvikling har størst nytteverdi med tanke på undervisningsarbeid. I alt 61 prosent av lærarane opplever dette som veldig eller nokså nyttig.
- Når det er sagt, er det i overkant av 50 prosent som vurderer nytteverdien av dei andre tilboda på tilsvarande vis. Unntaket er didaktiske eller metodiske etter-/ vidareutdanningstilbod, der 43 prosent gjev uttrykk for at dette har vore nokså eller veldig nyttig for undervisningsarbeidet.

I forhold til eige fag er meir enn halvparten av lærarane heilt eller noko einige i at **deltaking på kurs eller konferansar** har vore til hjelp på følgjande område:

- Utvikling av eigne tankar omkring innhald, mål og konsept for undervisninga i forkant av planlegginga (84 prosent)
- Planlegging av innhald og tema i undervisninga (76 prosent)
- Bestemme undervisningsmål (75 prosent)
- Fortolkning og konkretisering av kompetansemål i L06 (68 prosent)
- Fastsetjing av metodane for undervisninga (67 prosent)
- Planlegging for bruk av læremidlar i undervisninga (58 prosent)

## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

- Å skape fagleg semje og avtalar med kollegaer (55 prosent)
- Å gi informasjon til foreldre om mål og innhald i undervisninga (54 prosent)
- Utarbeiding av ein års-/halvårsplan for den enkelte klasse/trinn (51 prosent)
- I tillegg opplever 49 prosent av lærarane at deltaking på kurs og konferansar er nyttig for å planlegge undervisningstimane, og 43 prosent av lærarane meiner at slik deltaking er nyttig når det gjeld kontroll av læringsresultat.
- Deltaking på kurs og konferansar er i minst grad til hjelp med tanke på å trekke foreldre meir aktivt med i planlegging av undervisning. Det er 25 prosent av lærarane som er einige i at kurs og konferansar kan vere til hjelp i dette arbeidet, medan 36 prosent er ueinige i dette.

I undersøkinga blant lærarane, var det meir enn halvparten som hadde valt å svare med utgangspunkt i faga norsk og matematikk. Dette gir grunnlag for å vurdere om det var satsa særleg på kompetanseheving i desse faga, sjølv om ferdigheiter i lesing og rekning i følgje den nye læreplanen strekkjer seg ut over desse faga i seg sjølv. Dei skal vere integrerte i alle fag. Med utgangspunkt i svar frå 24 matematikklærarar og 20 norsklærarar, synest det som om kursaktiviteten har vore størst innan matematikk. Halvparten av matematikklærarane har delteke på kompetansekurs i matematikk i samband med innføringa av L06, medan nesten alle dei andre hadde ønske om på slike kurs. I norsk var det derimot 15 prosent som hadde gjennomført kompetansekurs innan eige fagområde, medan 75 prosent ikkje hadde fått tilbod om kurs, men ønskte å delta. Når det gjeld (obligatorisk) 2.framandspråk hadde alle åtte som svara på skjemaet, delteke på kompetansekurs. Dette kan lesast som eit uttrykk for at det har vore særleg fokus på kurstilbod på dette område. Tala er likevel så små, at dei ikkje må takast alt for bokstavigleg. Når vi besøkte skulane, møtte vi til dømes ein tysklærarar som opplevde at endringane i tysk representerte den største utfordringa for henne som lærar. Dette var knytt til dreiinga i retning av ei meir praktisk tilnærming til faget. Ho hadde berre fått tilbod om eit dagskurs i tysk, og etterlyste mykje meir kompetansepåfyll for å kunne følgje opp elevane i samsvar med signala i den nye læreplanen i dette faget.

Mange av informantane gir tilbakemelding om betydinga av at lærarane har gode fagkunnskapar. Fleire lærarar etterspør kompetansegevande vidareutdanning. Ved ein skule har ein av lærarane hatt kompetansegivande utdanning i tysk som 2. framandspråk ved ein høgskole og seier følgjande:

Hadde det ikkje vore for det, så hadde det ikkje blitt gjennomført.

## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

Tilsvarande utdanning blir etterlyst i programfag.

I programfag finst det ingen kurs, det er ikkje laga konkrete retningslinjer, så dei må vi lage sjølve. Så det er tida som manglar (og kursa). (Vår parentes).

Men det vert også gitt uttrykk for at det ikkje er føremålstenleg å "sende folk på kurs her og der." Poenget er at kurset må vere målretta i forhold til det ein arbeider med på skulen. Eit døme på korleis skular/lærarar arbeider med kompetanseheving er følgjande:

Det er ikke noe sted å hente kompetanse, den må skapes selv. Skolen har i 2. fremmedspråk, med den egne utprøvningsgruppa, tatt initiativ til å skape en gruppe på seks som arbeider kontinuerlig med å prøve ut ting underveis, som en verkstedspedagogikk. Dette skaper et godt grunnlag for å spre denne kompetansen og dele den med resten av lærergruppa.

Nokre skular ser ut til å ha avsett bra med tid til å arbeide med den nye læreplanen på skulen. Fleire seier at dei har hatt stort utbytte av diskusjonane i lærarkollegiet, og framhevar verdien av kollegalæring, og ønskjer at det i større grad skal bli lagt til rette for dette i framtida.

I andre kommunar og ved andre skular ser det ut til å vere svakare tradisjon for samarbeid, og innføringa av den nye læreplanen er i større grad den enkelte lærar sitt ansvar. Ved små og fådelte skular vert det peika på at lærarar opplever at dei har for lite fagleg kompetanse i nokre fag når valfridomen er blitt større. Dette blir problematisk fordi miljøa er så små at dei manglar kollegaer dei kan rådføre seg med.

Kompetansen for å implementere nye læreplanar synest å vere ulik ved skulane. Nokre skular ser ut til å vere meir utviklingsorienterte enn andre og gir uttrykk for at lærarane ved skulen deira har ein generell læreplananalytisk kompetanse som gir dei innsikt i å implementere nye læreplanar. Ein rektor sa det slik:

Vi reknar med at læreplanar kjem og går kontinuerlig og læreplanarbeid er ein del av vårt daglege arbeid. Den profesjonelle lærar skal jobbe med læreplanen. Det som er nytt i denne læreplanen er at vi skal ha meir fokus på faga. Og det gjer vi. Men utan at det går på kostnad av det generelle. Vi er veldig merksame på dei dilemma som kan oppstå ved å fokusere for mykje på fag og gløyme heilskapen.

## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

Somme stader har skulane delteke på kurs om Kunnskapsløftet, arrangert ved høgskular. Det ser ut til å ha vore tilbod om ulike type kurs. Både kurs som har handla generelt om læreplanarbeid, men også meir fagspesifikke kurs.

Mange av informantane nemner at dei har hatt kurs om læringsstrategiar og ulike læringsstilar. Dette ser ut til å vere eit tema som mange er opptekne av.

Fleire framhevar betydninga av at lærarar har kompetanse i IKT for å kunne implementere den nye læreplanen på ein god måte. Somme informantar gir uttrykk for at det er behov for å ha personar som kan rettleie på dette feltet. Det er stor variasjon innanfor enkeltskular når det gjeld personalet sin kompetanse, og det er stor variasjon mellom skular når det gjeld utstyr.

IT-kompetanse er en utfordring for mange lærere. Classfronter er tatt i bruk, men det er ikke alle lærere som er på høyde når det gjelder bruk. Skolen er godt utstyrt med maskiner, men utfordringen er å lære opp lærere og i tillegg å få ressurser til støttefunksjoner, oppfølging og vedlikehold.

Det er liten tvil om at kompetansen treng eit løft, men situasjonen er ikkje alltid som i føregåande skule med tanke på utstyr heller. Mangel på tilstrekkeleg og føremålstenleg utstyr er såleis ei utfordring for realisering av L06 med tanke på bruk av IKT i skulen.

Eit anna område som fleire informantar peikar på er behovet for kompetanse når det gjeld å legge til rette for elevar med ulik kulturell bakgrunn. Lærararbeid i det multikulturelle samfunnet ser ut til å vere ei utfordring særleg i Oslo-området.

### **3.1.5 Ressursbruk**

Planlegging og gjennomføring av nye læreplanar er eit arbeid som er tidkrevjande. Tidlegare i rapporten har vi vore inne på at ei av hovudårsakene til at skulane i kartlegginga valde å starte tidleg med nye læreplanar, var nettopp erfaringa med at iverksetjing av nye planar tek tid, og at dei difor ville starte eit år før. Dei ville vere i forkant og dei ville ha eit innkøyringsår. Vi skal sjå litt på korleis ulike aktørar vurderer ressursbruken i tilknytning til oppstart med L06 (jf. figur 11 i figurvedlegget).

Ressursbruken knytt til implementeringa av den nye læreplanen varierer.



## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

- Slik eigarane vurderer det, har innføringa av den nye læreplanen i første rekke kravd store **tidsressursar** i dei aktuelle **skulane**. I alt 76 prosent av skuleeigarane har sagt seg einige i denne påstanden, medan berre 4 prosent er ueinige i dette.
- Vidare er 67 prosent av skuleeigarane som har gitt uttrykk for L06 har kravd store **tidsressursar** for **administrasjonen i kommunen**, medan 16 prosent ikkje opplevde det slik og var ueinige i påstanden.
- Derimot er det ikkje fleire enn 33 prosent av skuleeigarane som opplever at L06 har ført til store **økonomiske meirkostnader** for eigen kommune.
- Det er 20 prosent av skuleeigarane som gjev uttrykk at **ressursar** skulen har til disposisjon ved innføringa av L06 har vore tilstrekkelege, medan 49 prosent ikkje er einige i dette.

Nokre skular har prioritert tid og hatt grundige diskusjonar knytt til utvikling av eigne læreplanar. Ved andre skular ser implementeringa av den nye læreplanen i somme fag ut til å ha vore den enkelte lærar sitt ansvar.

Somme stader har det meste av ressursbruken vore brukt på kommunenivået og i samarbeid mellom skular. Ein lærar som hadde vore med på eit slikt opplegg, peikar på at når han såg på ressursbruken i ettertid, hadde han ønska at ressursbruken i større grad hadde vore disponert på eigen skule og i planlegginga av eiga undervising. Men han gir også uttrykk for at samarbeidet med andre har vore verdifullt.

Vårt inntrykk er at lærarane er meir positive til Kunnskapsløftet ved dei skulane som har sett av tid til fellesdiskusjonar om læreplanen. Fleire peikar på ar 2005/2006 har vore eit innkøyringsår og at det er først dei siste månadane dei har arbeidd målretta med L06, noko som gjer det vanskeleg å anslå ressursbruk så langt.

### 3.2 Iverksetjingsarbeidet

I kartlegging av iverksetjingsarbeidet i kommunar og ved skular, har det vore fokus på:

- Innhald og struktur i læreplanen, forståing av læreplanen og betydning i arbeidet til lærarane
- Obligatorisk 2. framandspråk

- Erfaringar med utprøving av programfag til val på ungdomssteget
- Fag- og timefordeling
- Læringsplakaten

### 3.2.1 Læreplanen – innhald, struktur, forståing og betydning

#### Utforming av lokale læreplanar

Det er gjort eit omfattande arbeid i utvikling av lokale læreplanar, både på enkeltskular og blant skular i samarbeid innan kvar kommune (jf. figur 12-14 i figurvedlegget). Dette kjem i alle fall klart til uttrykk ved fleire av dei skulane vi har besøkt. I kva grad og på kva måte ulike aktørar har vore involverte i utviklinga av dei lokale læreplanane varierer naturleg nok frå kommune til kommune og frå skule til skule.

- I 39 prosent av kommunane gjev **skuleeigar** tilbakemelding om at dei i høg grad har hatt **samarbeid med skuleleiinga** om utforming av lokale læreplanar, medan 29 prosent av skuleeigarane opplever at dei i liten grad har vore involverte i dette arbeidet.

**Skuleleiarane** har ulik grad og med ulik frekvens delteke i utforminga av lokale læreplanar:

- Skuleleiarane har naturleg nok i størst grad delteke i utforminga av **planar for heile skulen**, 70 prosent minst ein gong i halvåret og 43 prosent minst ein gong i månaden.
- Skuleleiarane har også følgt opp **utforminga av individuelle planar**; 55 prosent minst ein gong i halvåret og 24 prosent minst ein gong i månaden.
- I alt 47 prosent av rektorane har følgt opp arbeidet med **utforminga av klasse-/gruppeplanar** minst kvart halvår, medan 28 prosent har følgt opp dette minst ein gong kvar månad.
- Skuleleiarane har i mindre grad delteke i utforminga av kommunale planar; 49 prosent har følgt opp utforminga av slike minst ein gong årleg, medan 13 prosent har gjort det same minst ein gong i halvåret.

I følgje skuleleiarane har desse **samarbeidspartane** vore viktige i utforminga av lokale læreplanar:

## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

- Leiarane har i størst grad brukt ulike **lærargrupper** som samarbeidspartar i dette arbeidet; 83 prosent av leiarane har svært ofte eller ofte samarbeid med slike lærargrupper.
- I alt 77 prosent av leiarane har ofte eller svært ofte samarbeid med resten av **leiarteamet** ved skulen i utforminga av lokale læreplanar.
- I tillegg er det 69 prosent av leiarane som ofte eller svært ofte har hatt samarbeid med **heile kollegiet** i dette arbeidet.
- Eksterne samarbeidspartar er sjeldnare brukte. Dei som det oftast vert trekt vekslar på eksternt, er **andre skular**. I alt 26 prosent av skuleleiarane har ofte eller svært ofte samarbeidd med andre skular. Sist på lista følgjer **skuleeigar** (20 prosent), **elevar/elevrepresentantar** (9 prosent) og **foreldre/foreldrerepresentantar** (6 prosent).

Skuleleiarane **oppsummerar** endringane i det lokale planleggingsarbeidet slik:

- 70 prosent av skuleleiarane er heilt eller noko einige i at L06 har **endra innhaldet/satsingsområda** i planar for skulen.
- 65 prosent av skuleleiarane opplever at **frekvensen** på lokalt planleggingsarbeid er **heva**.

I planlegging og utforming av lokale læreplanar er det fleire skular som har arbeidd på den måten at ulike grupper lærarar har fått ansvar for å lage utkast til planar for kvar sine fag. Deretter går ein saman om å lage matriser for å få alt til å henge i hop. Erfaringa med denne måten å gjere det på er god. Eit konkret døme på korleis ein ungdomsskule har arbeidd med det lokale læreplanarbeidet, er følgjande:

Nå er hele skolen trukket med i en læreplananalyse. Satt sammen av grupper innenfor ulike fag. Ut i fra en læreplananalyse skal hver gruppe lage et opplegg som de presenterer for resten av skolen. I analysen blir L97 og L06 sammenlignet i forhold til mål og innhold. Videre er det utnevnt to lærere på skolen som skal sy alle disse planene sammen. På høsten (2006) skal vi være i mål med en nokså konkret plan som sier noe om mål, innhold og metoder for faget, fordelt på de tre trinnene.

I utforminga av lokale læreplanar synest behovet for hjelpemiddel (bøker, retningsliner, kurs osv) som gjeld metodiske forhold, læringsstrategiar osv å vere større enn behovet for lærebøker eller andre hjelpemiddel som gjeld innhaldet i dei ulike faga. Lærarar gir elles uttrykk for at dei gjerne kunne tenkt seg å vite meir om ideane som ligg til grunn for utforminga av dei nasjonale læreplanane i ulike fag. Ein lærar seier:

## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

Hva har de tenkt liksom de som lager planene, det hadde vært veldig greit å vite litt om det.

Ei konkret tilråding frå ein lærar, som starta med nye læreplanar hausten 2005 til dei som skal starte hausten 2006, er følgjande:

Jeg vil anbefale de som skal starte frå høsten å gå ordentlig inn i fagplanene og analysere dem. Det er kanskje det viktigste arbeidet. Skolene burde også tenke gjennom hva de vil ha av lokale planer, som settes i system for å sikre at skolene og lærerne får med det de skal. Jeg tror det blir viktig at skolene og kommunene går sammen og utarbeider noen felles planer, som en sikkerhet.

### **Hjelpemidlar i utforminga av lokale læreplanar og undervisning**

I utforminga av lokale læreplanar blir ulike hjelpemidlar brukte (jf. figur 15-20 i figurvedlegget). **Skuleleiarane** peikar på følgjande hjelpemiddel som er brukte ofte eller svært ofte ved deira skule:

- L06 fagplanar (87 prosent)
- L06 læringsplakaten (84 prosent)
- Tidlegare planar ved skulen (60 prosent)
- L97 generell del (59 prosent)
- L97 fagplanar (50 prosent)
- Evalueringskriterium (47 prosent)
- Vidare følgjer L97 prinsippdel (38 prosent), lærebøker (36 prosent), kommunale planar (33 prosent) og andre planar (15 prosent).

Desse tala gjeld alle skuleleiarane. Ser vil til dømes på skuleleiarane ved skular som har innført den nye læreplanane i alle fag, stig den delen som brukar L06 fagplanar ofte eller svært ofte til 96 prosent, og tilsvarende med L06 læringsplakaten til 92 prosent.

For **lærarane** har følgjande hjelpemidlar ofte eller svært ofte vore brukte i planlegging og undervisning i løpet det skuleåret forsøket med nye læreplanar har gått føre seg:

- Års-/halvårsplanar er i stor grad brukte (83 prosent)
- Som nummer to kjem den nye læreplanen L06, nærare bestemt Læreplanar for fag (60 prosent)
- I underkant av halvparten brukar planar ved skulen (verksemdsplanar, utviklingsplanar osv) (46 prosent)
- Undervisningsplanar laga av kollegaer er også brukte i relativt stor utstrekning (41 prosent)

## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

- Ein del bruker også L97: Læreplanar for fag (35 prosent) og vurderingskriterium i føreskrifter/ læreplanar (33 prosent)
- Mindre brukt er L97: generell del (19 prosent), L06: Læringsplakaten (16 prosent), Kommunale planar (15 prosent), L97: prinsipp og retningslinjer (Brua og Den blå hesten) (10 prosent), Nasjonale prøver (7 prosent), Kommunale prøver (7 prosent), Metodiske rettleiingshefte/ nasjonale strategiplanar (6 prosent).

I arbeidet med å utvikle årsplanen/halvårsplanen har lærarane lagt følgjande til grunn:

- Planen er laga ut frå **L06** (88 prosent stadfester dette)
- Det er plukka tema frå **fleire læreverk** og andre kjelder (62 prosent stadfester dette)
- Planen er laga ut frå **L97** (55 prosent stadfester dette)
- Det er plukka tema frå **eit læreverk**, og fordelt ut over året (48 prosent stadfester dette)
- Planen er laga ut frå **vurderingskriterium** (47 prosent stadfester dette)
- I tillegg seier 31 prosent av lærarane at det er ikkje brukt læreverk for å lage planen, medan til saman 12 prosent seier at planen følgjer rekkefølga av tema slik dei er presentert i læreverk.

Vidare brukar lærarane ei heil rekkje **hjelpemiddel** både i **planlegginga av og undervisninga** i det aktuelle faget som **lærarane** svarer utifrå:

- Det klart mest brukte hjelpemiddelet er den **læreboka** eleven nyttar til vanleg (73 brukar denne ofte eller svært ofte)
- **Kopiar** (stensilar) er også relativt vanlege å bruke (46 prosent brukar slike ofte eller svært ofte)
- Dette gjeld også **andre lærebøker** (43 prosent brukar slike ofte eller svært ofte)
- Konkretiseringsmateriale (t.d. vinkelmålar, utstoppa dyr), lærarrettleiingar som høyrer til lærebøkene, internett, eige undervisningsmaterieil frå tidlegare år, oppslagsverk (leksikon og liknande), plate, CD-plater, lydbøker, blir brukt ofte eller svært ofte av mellom 30 og 38 prosent av lærarane.
- I alt 26 prosent av lærarar brukar ofte eller svært ofte tekstbehandling på datamaskin, anna undervisningsmaterieil frå lærebokforlaget og fagbøker/tidsskrift.
- Overhead, dagspresse/veketidsskrift, fjernsyn/video, populærvitenskaplege publikasjonar, digitale presentasjonsprogram (t.d. PowerPoint), rekneark på datamaskin, CD-ROM m. oppslagsverk og

## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

faglege program vert brukt ofte eller svært ofte av 15 prosent eller færre av lærarane.

I følge **lærarane** har dei ulike læremidlane ofte eller svært ofte denne funksjonen:

- Det flest legg vekt på er at dei brukar **ulike læremidlar** for å variere undervisninga (64 prosent).
- Vel halvparten av lærarane brukar **læreboka** for å sikre at undervisninga er i samsvar med læreplanen (52 prosent).
- Om lag halvparten brukar **læreboka** for å sikre **kontinuitet** i undervisninga (49 prosent).
- 46 prosent av lærarane brukar **personleg utvikla læremidlar** for betre å kunne tilpasse undervisninga.
- Om lag ein tredel av lærarane brukar **ulike læremidlar** for å sette innhaldet i læreboka i perspektiv (33 prosent)
- Om lag ein tredel brukar **datamaskiner** og **internett** for å aktivere elevane på nye måtar i undervisninga (33 prosent)
- 32 prosent av lærarane brukar **datamaskiner** og **internett** for å engasjere og motivere elevane.
- Det er 29 prosent av lærarane som brukar dagspresse, veketidsskrift og internett for gjere undervisninga meir konkret og nærverande.

Dei hjelpemidlane som er mest brukte i uforming av lokale læreplanar er altså fagplanar, innhaldet i Læringsplakaten, L97 generell del og L97 fagplanar. Tidlegare planar ved skulen vert også brukte relativt mykje i arbeidet med lokale læreplanar i samsvar med L06.

I arbeidet med faga som lærarane har, seier **halvparten eller fleire av lærarane** seg heilt eller noko einige i at **L06 har vore til hjelp** på følgjande område:

- Til utarbeiding av ein **års-/halvårsplan** for den enkelte klasse/trinn (79 prosent).
- Til å bestemme **undervisningsmål** (78 prosent).
- Til å planlegge **innhald og tema** i undervisninga (69 prosent).
- Til å gi **informasjon til foreldre** om mål og innhald i undervisninga (68 prosent).
- Til å skape **fagleg semje** og avtalar med kollegaer (66 prosent).
- Til å gjere opp **eigne tankar** omkring innhald, mål og konsept for undervisninga i forkant av planlegginga (63 prosent).

- I tillegg er det litt i **om lag halvparten** av lærarane som er einige i at L06 har vore til hjelp med tanke på å fastsette metodane for undervisninga (48 prosent) og for kontroll av læringsresultat (43 prosent).
- Elles er det **rundt ein tredel** av lærarane som er einige i at L06 har vore til hjelp med tanke på å planlegge den enkelte undervisningstime (33 prosent), å planlegge for bruk av læremidlar i undervisninga (33 prosent) og å trekke foreldre meir aktivt med i planlegging av undervisning (29 prosent).

### Synspunkt på ein nasjonal læreplan

L06 skil seg frå L97 ved å opne for større fridom ved den enkelte skule. Den nye læreplanen er mindre detaljert og gjev såleis meir spelerom for skulane. Dei lærarane og skuleleiarane som har vore med i forsøket med tidleg oppstart har konkrete erfaringar med denne fridomen. Som utgangspunkt for å vurdere erfaringane med meir lokal fridom er det føremålstenleg å sjå nærare på kva oppfatningar lærarar og skuleleiarar har med tanke på innhaldet og føringane i ein nasjonal læreplan.

Både lærarane, skuleleiarane og skuleeigarane vart difor utfordra til å konkretisere kva dei oppfatta som ønskjeleg at ein nasjonal læreplan skulle ha av forpliktande retningslinjer, kva dei ønskte som tilrådingar og kvar dei ønskjer å stå fritt (jf. figur 21-23 i figurvedlegget).

#### *Forpliktande retningslinjer i ein nasjonal læreplan?*

Halvparten eller fleire av **lærarane** seier **ja til forpliktande retningslinjer** i ein nasjonal læreplan på følgjande område:

- Innhald og emne for fag (67 prosent)
- Mål for skuleåret (64 prosent)
- Utdanningspolitiske målsetjingar (52 prosent)
- Minimumsliste over innhald (51 prosent)

Halvparten eller fleire av **skuleleiarane** seier **ja til forpliktande retningslinjer** i ein nasjonal læreplan på følgjande område:

- Utdanningspolitiske målsetjingar (64 prosent)
- Innhald og emne for fag (51 prosent)

Halvparten eller fleire av **skuleeigarane** seier **ja til forpliktande retningslinjer** i ein nasjonal læreplan på følgjande område:

- Utdanningspolitiske målsetjingar (92 prosent)
- Kriterium for vurdering av prestasjonar (55 prosent)

## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

- Tidspunkt for måling av prestasjonar (51 prosent)
- I tillegg forventar 49 prosent av skuleeigarane at ein nasjonal læreplan skal ha ei minimumsliste over innhald

### *Tilrådingar i ein nasjonal læreplan?*

Halvparten eller fleire av **lærarane** seier **ja til tilrådingar** i ein nasjonal læreplan på følgjande område:

- Praktiske idear om korleis ein verkeleggjer krav i læreplanen (81 prosent)
- Litteraturtilvising for dei enkelte emna (80 prosent)
- Tilvising til læremidlar, metodar, framgangsmåtar (80 prosent)
- Pedagogiske og fagdidaktiske grunngevingar (74 prosent)
- Rekkefølga for emne som skal handsamast (58 prosent)
- Kriterium for vurdering av prestasjonar (57 prosent)
- Opplysing om kva tid emne skal handsamast (55 prosent)
- Tidspunkt for måling av prestasjonar (53 prosent)

Halvparten eller fleire av **skuleleiarane** seier **ja til tilrådingar** i ein nasjonal læreplan på følgjande område:

- Tilvising til læremidlar, metodar, framgangsmåtar (72 prosent)
- Litteraturtilvising for dei enkelte emna (71 prosent)
- Praktiske idear om korleis ein verkeleggjer krav i læreplanen (69 prosent)
- Pedagogiske og fagdidaktiske grunngevingar (63 prosent)
- Kriterium for vurdering av prestasjonar (55 prosent)
- Tidspunkt for måling av prestasjonar (53 prosent)
- Mål for skuleåret (52 prosent)

Halvparten eller fleire av **skuleeigarane** seier **ja til tilrådingar** i ein nasjonal læreplan på følgjande område:

- Praktiske idear om korleis ein verkeleggjer krav i læreplanen (82 prosent)
- Pedagogiske og fagdidaktiske grunngevingar (78 prosent)
- Tilvising til læremidlar, metodar, framgangsmåtar (71 prosent)
- Litteraturtilvising for dei enkelte emna (67 prosent)
- Rekkefølga for emne som skal handsamast (63 prosent)
- Opplysing om når emne skal handsamast (61 prosent)
- I tillegg meiner ein relativt stor del av skuleeigarane (mellom 45 og 49 prosent) at også dei andre områda som var lista opp i spørjeskjema eignar seg som tilrådingar. Det er likevel eitt unntak; Utdanningspolitiske retningslinjer.



*Korkje forpliktande retningslinjer eller tilrådingar i ein nasjonal læreplan?*

Det er ingen område som vert nemnde i spørjeskjema der minst halvparten av **lærarane** seier **nei til både forpliktande retningslinjer og tilrådingar** i ein nasjonal læreplan. Dei områda der flest lærarar seier nei til dette er:

- Opplysing om når emne skal handsamast (41 prosent)
- Rekkefølga for emne som skal handsamast (40 prosent)

Halvparten eller fleire av **skuleleiarane** seier **nei til både forpliktande retningslinjer og tilrådingar** i ein nasjonal læreplan på følgjande område:

- Rekkefølga for emne som skal handsamast (55 prosent)
- Opplysing om når emne skal handsamast (53 prosent)

Det er ingen område som vert nemnde i spørjeskjema der minst halvparten av **skuleeigarane** seier **nei til både forpliktande retningslinjer og tilrådingar** i ein nasjonal læreplan. Dei områda der flest skuleeigarane seier nei til dette er:

- Opplysing om når emne skal handsamast (39 prosent)
- Rekkefølga for emne som skal handsamast (35 prosent)
- Litteraturtilvising for dei enkelte emna (33 prosent)

*Synspunkt på læreplanen elles*

Fleire av rektorane set L06 inn i ein politisk, pedagogisk og historisk kontekst. Dei peikar også på pedagogiske dilemma ulike læreplanar skaper. Fleire er bekymra for at nasjonale prøver skal bli for styrande i undervisinga. Ein rektor sa det slik:

Dersom nasjonale prøver innsnevrar oppgåvene, og vi begynner å styre etter desse testane, vil det gå utover den tilpassa opplæringa.

Ein rektor fortel om ulike tema som har vore arbeidd med i kollegiet i samband med innføringa av L06: læreplanar i eit historisk perspektiv, målstyring, sentral målstyring - lokal fridom. Andre skular ser i mindre grad ut til å ha arbeidd med grunnlaget for reforma.

Mange skuleleiarar og lærarar peikar på at den nye læreplanen ikkje representerer noko stort brot med innhaldet i L97.

Med alle reformer er det slik at vi held fram med å gjere som før, og så er det slik at vi tilpassar oss reforma litt etter litt.

Eit gjennomgåande trekk er at informantane opplyser om at dei har nytta L97 som hjelp for å konkretisere innhaldet i den nye læreplanen.

### **Fridom og fleksibilitet**

Gjennomgangen ovanfor viser at lærarar, skuleleiarar og skuleeigarar på mange område set pris på fridom og fleksibilitet, men gjerne innanfor visse retningslinjer og tilrådingar som er gitt i ein nasjonal læreplan. Det ser ein mellom anna ved at minst halvparten av lærarane ønskjer forpliktande retningslinjer når det gjeld innhald og emne i fag, mål for skuleåret og minimumsliste over innhald. Vidare at minst halvparten av lærarane ønskjer tilrådingar om praktiske idear om korleis ein verkeleggjer krav i læreplanen, tilvising til læremidlar, metodar osv og tilrådingar når det gjeld kriterium for vurdering og tidspunkt for måling av prestasjonar. Ønsket om lokal fridom i forhold til ein nasjonal læreplan, ser ut til å vere størst med tanke på tidspunktet for når emne skal behandlast og kva rekkefølga emne skal behandlast i.

Nedanfor skal vi sjå litt nærare på erfaringane informantane har med den fridomen og fleksibiliteten som ligg i den nye læreplanen, som dei har prøvd ut ved tidleg oppstart.

Lærarane forventar at fridomen vert større med Kunnskapsløftet, men at det følgjer krav til meir planlegging med auka fridom. Lærarane og skulen må difor ha felles tankar om kva som er mål for dei ulike stega, og det inneber meir fellesarbeid eller samarbeid, særleg i startfasen. Sjølv om skulane i kartlegginga har starta med nye læreplanar i eitt eller fleire fag hausten 2005, er det fleire av desse skulane som ikkje har kome skikkeleg i gang med arbeidet med fagmål og fagplanar.

Fridomen og fleksibiliteten i utforming av læreplanar vert for det meste vurdert om positiv. Mange lærarar føler at dei meistrar dei utfordringane og mulegheitene som ligg i dette, både når det gjeld innhaldsmessige/faglege sider og undervisningsmåtar. Men det finst fleire døme på lærarar som er usikre på korleis dei skal følgje opp L06. Dette gjeld særleg lærarar på dei lågaste stega, der lærarane ofte følgjer elevane i alle faga.

Fridomen vert vurdert slik av nokre lærarar:

Det er en avveining hvor mye av den økte handlefriheten som skal gis til leder og hvor mye som skal gir til lærerne. Vi tror ikke at lærerne føler noen stor endring i frihet på grunn av at de har stor lojalitet i forhold til lokale planer. Hos oss er det slik at skolens utviklingsplan og treårige strategiplan skrives av skoleleder, mens fagplanene skrives av teamene.

## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

Lærerens metodefrihet innebærer at en må kunne mer enn èn metode. Den største hindringen er derfor den enkeltes lærers tradisjon. Den største endringa vil alltid være å bytte ut læreren, ikke planen.

Somme lærarar fortel både om manglande tid og kompetanse til å gjere den typen faganalysar som planen krev og forventar at lærarane skal gjere. Det ser ut til at ungdomsskulelærarar, som gjerne har faglærarkompetanse, føler seg sikrere og tryggare i det lokale planleggingsarbeidet enn kva allmennlærer på barnetrinnet gjer. Det vert uttrykt bekymring for at allmennlærarrolla kan verte svekka som følgje av tenkinga som ligg til grunn for Kunnskapsløftet.

Mange av informantane i kartlegginga meiner at L06 og større lokal fridom i utforming av læreplanar kan medverke til vanskar for elevar som byter skule. Det vert også nemnt at stor variasjon i dei lokale læreplanane kan vere utfordrande for vikarar i skulen og ved byte av lærarar.

Det er særlig utfordrende for meg som er vikar og skal overlate ansvaret for klassen til en annen lærer i året som kommer.

Det må nemnast at mange skular har opplevd lokal fridom også når det gjeld L97, såleis har eventuelle endringar som ligg i L06 ikkje vore omfattande. Ein vanleg kommentar er at læreplanreforma er i tråd med tida ein er i, og at endringar som skjer i skulen like mykje er konsekvensar av trendar i tida, som av L06 konkret.

### **Mål og vurdering**

Generelt ser det ut til at Kunnskapsløftet vert vurdert som ei reform som skal føre til meir fokus på mål og vurdering av måloppnåing hos elevar. L06 har for mange lærarar ført til meir fokus på vurdering, men det vil ikkje alltid seie at testing ved prøver vert oppfatta som det mest føremålstenlege verkemiddelet. Å vere observant og å bruke alle timar som grunnlag for vurdering av eleven vert framheva som ønskjeleg.

Ved vår skole er det opp til den enkelte lærer, det er ikke samkjørt eller reflektert omkring dette i fellesskap.

I planene som er utarbeidet står det hvilke mål en skal oppnå, og på hvilken måte de skal vurdere hvorvidt målene er nådd. På planen så står det både mål og vurdering, og dette refererer hele tiden i forhold til læreplanverket.

Som vi skal kome nærare inn på seinare i rapporten (om 2. framandspråk og programfag til val) er det vårt inntrykk at somme lærarar synest det er vanskeleg å måle læring i programfag. Elles meiner somme at det hadde vore ein fordel når det gjeld mål og vurdering om 2.framandspråk kunne telje, i den meininga at det var obligatorisk.

### **3.2.2 2. framandspråk <sup>6</sup>**

#### **Innleiing**

Som ein del av Kunnskapsløftet skulle 2. framandspråk gjerast obligatorisk, og timetalet i faget på ungdomssteget (8.-10. årssteg) skulle vere 227 timar. Med ny regjering hausten 2005, vart dette endra, og 2. framandspråk er såleis ikkje obligatorisk fag. Regjeringa vil likevel arbeide for at så mange elevar som mogleg tek 2. framandspråk, og elevar som ønskjer det skal får velje fagleg fordjuping i norsk, samisk eller engelsk.

Utgangspunktet for faget er at språkkompetanse opnar for deltaking i internasjonale samanhengar og medverkar til å gje eit meir nyansert bilete av internasjonale prosessar og hendingar. Aukande mobilitet og digital samhandling inneber at kompetanse i fleire språk og interkulturell kompetanse er ein føresetnad for kommunikasjon og deltaking på mange område.

Hovudområda i faget er språklæring, kommunikasjon og språk, kultur og samfunn. Språklæring omfattar innsikt i eiga språklæring og språkbruk. Kommunikasjon er formidling av meining gjennom framandspråket, og språk, kultur og samfunn handlar om kulturforståing i vid meining.

#### **Erfaringar med 2.framandspråk**

53 skular valde å starte med 2. framandspråk, og ved dei fleste skulane var det med utgangspunkt i at faget skulle vere obligatorisk (ved nokre få skular skulle faget vere valfritt skuleåret 2005-2006). Fire skular har starta i 2. framandspråk og programfag. Det er fem barneskular som prøver ut 2.framandspråk i 5-7. klasse. Men i all hovudsak vert 2.framandspråk prøvd ut på 8. steget. I tillegg til dei skulane som har starta med ny læreplan berre i 2.framandspråk og eventuelt kombinert med programfag, kjem dei skulane som har starta i alle faga, der 2. framandspråk og programfag (gjeld ungdomsskular) er ein del av desse.

---

<sup>6</sup> Vi vil nemne at Utdanningsdirektoratet leier eit prosjekt med tittelen "Forsøk med tidlig start med 2. fremmedspråk". Prosjektet starta i september 2005 og vert evaluert av Telemarksforskning-Notodden (Speitz og Simonsen 2006).

## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

Signala om obligatorisk 2. framandspråk var altså årsaka til at fleire av skulane starta med nye læreplanar hausten 2005, for relativt mange (53) var dette hovudårsaka til oppstart. Somme av skulane som starta med nye læreplanar hausten 2005 har likevel ikkje kome i gang med 2.framandspråk, mellom anna fordi det i løpet av hausten 2005 vart klart at faget ikkje skulle vere obligatorisk.

Skular som har starta opp har valt å fokusere på at faget skal vere praktisk og munnleg. Det kan vere ulike årsaker til dette, til dømes fordi ein meiner praktisk og munnleg språkkompetanse er det viktigaste, men også fordi ressursituasjonen – få lærarar på mange elevar - ikkje gjer det mogleg å ha like stor fokus på skriftleg som munnleg. Ein skule som satsar på 2. framandspråk har lagt vekt på å utvikle innlæringsmetodikk med tanke på vektlegginga som faget har på praktisk og munnleg språkkompetanse. Det vert prøvd ut nytt metodisk opplegg på ei gruppe elevar som vanlegvis skulle vere fritekne for karakter i 2. framandspråk. Dette er mellom anna gjort gjennom eit samarbeid mellom tysklærer og spesialpedagog, noko som har fungert svært bra for elevane. Skulen kunne gjerne tenkt seg liknande tilnærming til heile timeplanen, der dei praktiske opplegga vart lagde inn i undervisninga i alle faga. Men i følgje involverte lærarar er det eit ressurskrevjande opplegg:

Innføringen av 2. fremmedspråk for alle har fungert bra, og det er på grunn av at det er brukt mye ressurser på det. Det er en gruppe som har fokus på ulike læringsstiler. Men dette er et så ressurskrevende forsøk at det ikke er noe en kan satse på å få ha i fremtiden.

Somme skular opplever at tilbodet om 2. framandspråk er populært, noko som fører til at ikkje alle elevane kan få førstevalet. Elles kan desse sitata frå lærarar illustrere litt av erfaringane med satsinga på 2. framandspråk:

Det er lite skriving og mer fokus på det muntlige. Det kan gå ut over de som er skriftlig sterke og som tar dette fort. Hadde en hatt mer ressurser og kunne delt inn i to grupper, så skulle vi gjerne kjørt med tradisjonelt opplegg med vekt både på skriftlig om muntlig. Ellers har vi tenkt at det kunne være en ide å korte ned tiden, ved å starte med fransk ved jul på 8. trinn, for så å avslutte ved jul i 10. trinn. Det kan gjøre det lettere å holde motivasjonen, hvis ikke kan det fort bli mye terping.

I tråd med kommentaren ovanfor vert det også sagt:

Vi håper at det blir tellende, hvis ikke blir det traurig å holde på med faget i tre år.

Når informantane her snakkar om at dei skulle håpe at 2.framandspråk vert teljande, handlar det om eit ønske om at faget vert obligatorisk.

Motivasjonen hos elevane vert oppfatta som god:

Det har ikke vært noe problem å motivere elevene generelt, og heller ikke de som ellers ikke ville valgt 2. fremmedspråk. Vi tror det er på grunn av at vi har lagt lista lavt.

Av skulane som vi besøkte, var det skular med høgt innslag elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn, som i størst grad hadde motførestillingar mot innføring av 2. framandspråk som obligatorisk for alle.

Spørsmål om 2. fremmedspråk kommer ofte opp fordi elevene har vansker med å dette faget. Dette gjelder ikke minst elever med et annet morsmål enn norsk.

Læraren som formidla dette, la vekt på at denne oppfatninga kom særleg tydeleg fram i tilbakemeldingane ho fekk gjennom foreldresamtalar.

### **3.2.3 Programfag til val**

#### **Innleiing**

Programfag til val er eit nytt fag i grunnskulen, og skal utviklast med utgangspunkt i programområde og læreplanar innanfor det enkelte utdanningsprogrammet i vidaregåande opplæring. Men innhaldet i faget skal tilpassast elevane på ungdomssteget. Utforminga av programfaget skal ta utgangspunkt i nasjonale prinsipp og retningslinjer, men skal samstundes tuftast på lokale moglegheiter for samarbeid med vidaregåande opplæring og lokalt arbeidsliv. Programfaget skal utgjere 113 timar på ungdomssteget, og utprøvinga skal gjelde minimum to utdanningsprogram i vidaregåande opplæring. Programfag til val skal vere obligatorisk frå og med skuleåret 2008-2009.

I programfaget skal det vere fokus på praktisk erfaring, samarbeid mellom ungdomsskule og vidaregåande opplæring og mellom skule og næringsliv. Entreprenørskap er også eit sentralt stikkord i programfaget. Programfag til val skal:

- Gje elevane høve til val, som skal kunne medverke til større engasjement og betre føresetnader for seinare utdanningsval
- Gje elevane erfaring med innhald, oppgåver og arbeidsmåtar som karakteriserer dei ulike utdanningsprogramma

## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

- Gje elevane betre tilpassa opplæring og høve til meir praktisk aktivitet eller fordjuping.

Målet med faget er å begrense fråfall og omval og medverke til meir samanheng og heilskap mellom grunnskulen og vidaregåande skule. Overfor enkeltelevar skal programfaget gje betre grunnlag for val, skape engasjement og gje innsikt i nærings- og arbeidsliv i lokalsamfunnet.

Dei lokale læreplanane i programfaget skal angi:

- Mål og innhald for førebuingssfasen.
- Mål, innhald og organisering av gjennomføringsfasen.
- Mål og retningslinjer for vurderingsfasen.

### **Erfaringar med utprøving av programfag**

Blant skulane som har starta med programfag til val hausten 2005, har 10 ungdomsskular starta berre med programfag, og fire skular med programfag og 2.framandspråk. 51 av ungdomsskulane og dei kombinerte barne- og ungdomsskulane har starta med nye læreplanar i alle fag på ungdomssteg, det vil i utgangspunktet også omfatte programfag. Men fem av desse skulane har valt å ikkje starte med programfag. Somme skular har valt å legge programfaget til 9. og 10. årsstega.

Skular som har satsa særleg på programfaget etter oppstart med L06 meiner at det no er rom for meir systematisk og strukturert arbeid med faget. Til forskjell frå den tidlegare arbeidsveka, har programfaget i utgangspunktet meir forankring i resten av aktiviteten ved skulen. Men det er ikkje alle lærarar som opplever at dei på ein tilfredsstillande måte har fått til denne forankringa og koplinga til andre fag:

Vi har kopla programfag til norsk og klassesimane, men elles er det vel ingen direkte koplingar til andre fag. Vi prøver å kople til kunst- og handverk.

Skuleleiar ved same skulen seier det slik:

Planlegginga fungerte positivt, og det var særleg nyttig at næringslivet engasjerte seg i så stor grad. Men vi ville i større grad ha trekt inn andre fag i arbeidet med programfaget.

Ein kommune har valt ut *ein* ungdomsskule i kommunen til å arbeide med fagplan for programfag. Denne skulen vart valt fordi han var tidleg ute med programfag. På denne måten vert sjølvstøtt fagplanen farga av denne skulen sin måte å arbeide med programfag på. Dette kan vere ei ulempe for

## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

lokal tilpassing av planen ved andre skular i kommunen, men fordelene er sjølvstendig at andre skular kan dra veksler på dei erfaringane denne skulen har gjort med programfaget.

Ein ungdomsskule har jamvel valt å trekke med barneskular i arbeidet med programfag. Grunnen til dette er at ungdomsskulen ønskte ei oversikt over kva barneskulane gjorde når det gjaldt førebuing mot arbeidsliv og vidare utdanning.

Vi vil nå begynne tidligare med orienteringen om vidaregåande opplæring enn før, allerede i 8. Det var en del diskusjoner omkring hvordan vidaregåande skolene skal greie å organisere og ta i mot så mange ungdomsskoleelever. Vi tenker at det er lurt at det på hver ungdomsskole er en lærer som har ansvar for et bestemt program, slik at de vidaregåande skolene slipper å følge opp alle, og det blir lettere for lærerne å sette seg inn i hver sine program og kunne gi råd om det programmet de har ansvar for. Vi mener dette er viktig å få fram som en mulig løsning for programfaget. De vidaregåande skolene burde dessuten få tilført mer ressurser til å ta hånd om elevene når de kommer. Det er en kjempegod investering i forhold til feilvalg og omvalg og utdropping.

Samarbeidet med vidaregåande skular og næringslivet er lagt opp på ulike måtar. Ein lærar nemner at rutinar og faste møte ofte er føremålstenleg for å få ting til å fungere, og at det må gjerast grep for at programfaget på ulike vis er i fokus også mellom programfagperiodane.

Vi har eit nettverk med vidaregåande skule der vi møtest med jamne mellomrom. Det har blitt meir av dette som følgje av oppstart med programfag.

Det er kanskje viktig å tenke på kva ein legg i mellom periodane med programfag. Her kunne vi kanskje vore meir obs på å halde dette varmt i mellomtida.

Programfag vert oppfatta som positivt mellom anna fordi det kan vere ei motvekt til teoretisering og dyrking av bokleg kunnskap, som nokre opplever vert meir vektlagt gjennom L06. Samarbeidet med vidaregåande skular og arbeids- og næringslivet er også ei positiv side med programfag til val. Fleire av dei som er komne i gang med programfaget opplever at næringslivet viser interesse for dette, og elevane har positive erfaringar med møtet med vidaregåande skule.

Ei utfordring med programfag til val er knytt til det å kunne få eit heilskapleg inntrykk av elevane. Ein lærar seier følgjande:



## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

Sjansen til å følgje eigne elevar har vore begrensa, og difor kan eg ikkje følgje dei opp og sjå korleis dei oppfører seg og fungerer i arbeidslivet.

Somme har vanskar med å finne ut kva programfag til val skal vere, og meiner det vil vere vanskeleg å måle læring i det faget. Det vert også framheva at det kan verke uheldig at omgrepet fag vert knytt til det som ligg i programfag. Fordi det då kan forventast å vere eit spesielt timetal i veka i dette ”faget”.

I den grad ein så langt kan sjå resultat av programfag til val, ser det ut til å medverke til at elevane vert meir bevisste på sine eigne kvalitetar og kva som kan vere viktig å velje for å planlegge vidare skulegang og yrkeskarriere.

Generelt inntrykk når det gjeld programfag til val:

- Skulane som har starta med L06 i alle fag ser ikkje ut til å ha kome i gang med programfaga i særleg grad.
- Skulane som har valt å starte berre med programfag, eventuelt med programfag som eitt av dei utvalde faga, ser ut til å ha relativt gode erfaringar.

I og med at skulane som ikkje spesielt har satsa på oppstart med programfag til val, ikkje har kome særleg i gang med dette faget, kan det tyde på at programfaget må ha meir fokus for å få til målretta arbeid med dette faget. Elles har det ikkje gått så lang tid frå oppstart til kartlegginga vart gjort, såleis kan ein heller ikkje venta at skulane har kome særleg i veg med det nye faget programfag til val. Det er ofte enklare å ta tak i dei faga ein har erfaring med og kjennskap til frå før, enn å kome i gang med nye fag.

### *Teknologi og design*

I tillegg til at obligatorisk 2. framandspråk og programfag, som var definert som særlege tema for kartlegginga, var det fleire lærarar som trekte spesielt fram det fleirfaglege emnet *teknologi og design* som ei utfordring knytt til L06. Det er på fleire måtar parallellar til dei utfordringane lærarane møter i programfag. Emnet er nytt og krev kopling på tvers av fag. Det ligg ei usikkerheit i tilbakemeldingane med tanke på korleis ein skal nærme seg emnet. Teknologi og design er ein del av naturfagplanen og faget kunst og handverk. Naturfaglæraren med bakgrunn frå biologiske fag, opplever manglande kompetanse på området. Lærarar med bakgrunn frå kunst og

## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

handverk, er redd for at handle for mykje om design der dei teknologiske premissane blir styrande:

Teknologi og design har en klar tverrfaglig karakter, der man i større grad enn tidligere trekker inn fag som matte og naturfag. En ulempe er at de tekniske sidene av faget kan gå på bekostning av den kreative delen av faget.

Emnet er såleis i støypeskeia, og det vil her vere behov for utviklingsarbeid og å styrking av kompetanse.

### 3.2.4 Ny fag- og timefordeling

#### Innleiing

Timetalet på barnesteget skal aukast med 152 timar i året, og fordelast med 38 timar på kvart av faga engelsk, matematikk, naturfag og samfunnsfag. På ungdomssteget er programfag den viktigaste endringa. Elles skal kroppsøving styrkast monaleg på barnesteget. Denne utvidinga av timetalet galdt for alle frå skuleåret 2005-2006. Ansvaret for å fordele timar i faga på årsstega innanfor barneskulen og ungdomsskulen er delegert til skuleeigar.

Nye læreplanar med klare mål gjer at det lokale nivået kan få større fridom til å disponere tida. Inntil 25 prosent av tida i det enkelte faget kan omdisponerast lokalt for å styrke tilpassa opplæring for den enkelte eleven.

#### Erfaring med ny fag- og timefordeling

Somme skular har sett på fag- og timefordeling på nytt etter at dei starta med nye læreplanar, utan at det så langt har ført til store endringar:

Det er berre små endringar når det gjeld timefordelinga. Det einaste er dette med å få inn programfag. Her er det snakk om justeringar. I nokre fag er det meir studiearbeid, som gjer at vi kan vere meir fleksible.

Vi har ikkje gjort endringar når det gjeld lengda på timane. Timane er slik som dei er. Dette heng mykje i hop med ønske frå lærarane. Vi må vente til heile planen er innført (på alle stega) før vi gjer endringar på dette med timefordeling.

Skular som har tradisjon for vektlegging av tema- og prosjektarbeid har ført denne tenkinga vidare med blokktimar, såleis er ikkje dette i samsvar med intensjonane i den nye planen. *"Meininga er at dette skal arbeidast meir med etter kvart"*, som ein skuleleiar seier det.

Erfaringa med at inntil 25 prosent av tida i faga kan omdisponerast lokalt, vert oppfatta som positivt. Men hovudintrykket er at skulane ikkje har

arbeidd særleg med ny fag- og timefordeling. Sjølv om fleksibiliteten vert vurdert som positiv, er det generelle inntrykket at fleksibiliteten ikkje er brukt i særleg stor grad, korkje når det gjeld individuell tilpassing eller på årsstega.

### **3.2.5 Læringsplakaten**

#### **Innleiing**

Læreplanen for grunnskulen inneheld ein generell del, læringsplakaten, fag- og timefordeling og læreplanar for fag i grunnskulen. Læringsplakaten inneheld viktige prinsipp for opplæringsverksemda i skule (og bedrift), og han må sjåast i samanheng med lover og føresegner og med den generelle delen av læreplanen.

#### **Synspunkt på og erfaringar med Læringsplakaten**

Av skulane som søkte om tidleg oppstart var det 27 skular som trekte fram at Læringsplakaten skulle vere spesielt i fokus ved tidleg oppstart. For andre skular kan Læringsplakaten sjølvsagt vere viktig, utan at Læringsplakaten er nemnt spesielt i søknaden som galdt tidleg oppstart med nye læreplanar.

Gjennomgåande er informantane positive til læringsplakaten. Dei positive haldningane ser ut til å ha samanheng med at dei opplever både dei etiske og pedagogiske verdiane som samanfallande med deira eigne. Ved fleire skular fortel dei at det er arbeid spesielt med Læringsplakaten, som er blitt hengt opp i klasseroma for å få fokus.

Læringsplakaten var litt av grunnen til at vi ville gjerne ville vere med på tidleg oppstart.

Hovudintrykket er at læringsplakaten ikkje i stor grad er aktivisert bevisst ved skular som har starta med nye læreplanar, men det vil ikkje seie at skulane ikkje tek omsyn til innhaldet i Læringsplakaten. Lærarane opplever at deira syn på læring samsvarar med innhaldet i Læringsplakaten. Dette sitatet frå ein lærarar illustrerer korleis Læringsplakaten vert oppfatta og brukt ved fleire skular:

Læringsplakaten ligger bak det arbeidet vi gjør. Dette mest fordi dette er i overensstemmelse med den opplæringa vi sjølv har fått gjennom ulike opplæringsstilbud som er fulgt i årenes løp, og i mindre grad knyttet til Læringsplakaten i seg selv.

Andre har eit meir aktivt forhold til bruk av Læringsplakaten:

## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

Vi har hatt den oppe flere ganger og diskutert den, og føler at mye av det som står der er sentralt, og forsøker å dra det med i det vidare arbeidet. Den brukes overordnet i diskusjonsarbeidet. Vi har den med hele tida.

Somme ser for seg at Læringsplakaten vert ein meir naturleg del av arbeidet når skulane kjem litt vidare med fagplanarbeidet.

Vi har tenkt å trykke den opp og laminere den, og dele den ut til alle lærerne, slik at de kan ha denne som en ledetråd og påminnelse.

Læringsplakaten vert også brukt som ei slags rettesnor for kvar arbeidet ved skulen står. Ein skuleleiar seier det slik:

Vi tar den frem og spør hvilke felt vi er gode på, og hvilke vi er mindre gode på. Læringsplakaten skal være som de 10 bud. Dersom lærerne har problemer med å plassere det de gjør i forhold til det som står i læringsplakaten, så har de et problem.

Samanlikna med ”Broen og den blå hesten” ser det ut til at Læringsplakaten vert vurdert som meir konkret og enklare å forholde seg til. Det vert også nemnt som positivt at Læringsplakaten er kort og konsis.

### 3.2.6 Endringar som følgje av oppstart med L06?

Kartlegginga har ikkje hatt fokus på å måle resultat av arbeidet med ny læreplan. Ein kan heller ikkje vente å sjå mange resultat eller omfattande endringar som følgje av ny læreplan eit halvt år etter oppstart. Men kartlegginga kan seie noko om endringstendensar, om endringsorienteringa blant skuleleiarar og lærarar, og om kva forventningar dei har til eventuelle endringar som følgje av L06 (jf. figur 24-27 i figurvedlegget).

**Skuleleiarane** opplever i hovudsak at arbeidet med den nye læreplanen verka positivt for eige personale. Fleirtalet av skuleleiarane meiner at det har vore **motiverande**. I alt 57 prosent er einige i påstanden, medan 7 prosent meiner dette ikkje har vore tilfelle på deira skule.

Meir enn halvparten av **skuleeigarane** er noko eller heilt einige i at L06 har gitt endringar på følgjande område for dei skulane som vore med i forsøket med L06:

- L06 har heva frekvensen av **lokalt planleggingsarbeid** (84 prosent).
- L06 har endra satsingsområde for **kompetanseutvikling** ved skulen (74 prosent).

## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

- L06 har endra innhaldet/ satsingsområda i **planar** ved skulen (69 prosent).
- L06 har endra bruk av undervisningsopplegg/ metodar ved skulen som har til føremål å **styrke kunnskap i norsk, matematikk og engelsk** (63 prosent).
- L06 har heva dei **faglege krava** til elevane (61 prosent).
- L06 har endra rutinar for **resultatoppfølging** ved skulen (59 prosent).
- L06 har medverka til **tydlegare fagleg struktur og progresjon** på undervisninga (51 prosent).

Meir enn halvparten av **skuleleiarane** er noko eller heilt einige i at L06 har gitt endringar på følgjande område:

- L06 har endra satsingsområde for **kompetanseutvikling** ved skulen (70 prosent).
- L06 har endra **innhaldet/satsingsområda i planar** ved skulen (70 prosent).
- L06 har heva frekvensen på **lokalt planleggingsarbeid** (65 prosent).
- L06 har endra bruk av **undervisningsopplegg/metodar** ved skulen som har til føremål å styrke kunnskap i norsk, matematikk og engelsk (63 prosent).
- L06 har heva dei **faglege krava** til elevane (60 prosent).
- L06 har medverka til **tydlegare fagleg struktur og progresjon** på undervisninga (55 prosent).
- L06 har endra rutinar for **resultatoppfølging** ved skulen (52 prosent).

Skilnaden mellom dei to gruppene er at fleire skuleeigarar jamt over er einige i dei aktuelle påstandane enn skuleleiarane. Elles er det langt færre både blant skuleeigarane og skuleleiarane som opplever at L06 har ført til meir bruk av undervisningsopplegg/program som omhandlar trivsel/læringsmiljø (t.d. mobbing), endra foreldrearbeid eller heva prøvefrekvensen for elevane ved skulen (ført til fleire prøver).

I forhold til eiga rolle, opplever fleirtalet **skuleleiarar** at endringane har vore av middels eller låg grad. Andelen skuleleiarar som opplever svært høg eller høg grad av endring er slik:

- L06 har medverka til å endre **samarbeid med personale** for skuleleiar (21 prosent).
- L06 har medverka til å endre forståinga av dei **overordna målsettingane** for utdanninga hos skuleleiar (16 prosent).
- L06 har medverka til å endre **samarbeid med overordna i kommunen** for skuleleiar (12 prosent).

## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

- L06 har medverka til å endre **samarbeid med foreldre** for skuleleiar (10 prosent).
- L06 har medverka til å endre **samarbeid med elevar** for skuleleiar (10 prosent).
- L06 har medverka til å endre **planleggingsarbeid** for skuleleiar (10 prosent).
- L06 har medverka til å endre **haldningar** overfor skule og undervisning hos skuleleiar (8 prosent).


Når det gjeld eiga rolle, opplever også fleirtalet av **lærarane** at endringane har vore av middels eller låg grad. Andelen lærarar som opplever svært høg eller høg grad av endring er som følgjer:

- L06 har medverka til å endre **gjennomføringa av undervisninga** (16 prosent).
- L06 har medverka til å endre forståinga av dei **overordna målsettingane** for utdanninga (13 prosent).
- L06 har medverka til å endre **samarbeidet med kollegaer** (11 prosent).
- L06 har medverka til å endre **førebuinga til undervisning** (10 prosent).
- L06 har medverka til å endre **haldningane overfor skule og undervisning** (9 prosent).
- L06 har medverka til å endre **forståinga for undervisningsmetodar** (7 prosent).
- L06 har medverka til å endre **samarbeidet med elevar** (7 prosent).
- L06 har medverka til å endre **samarbeidet med foreldre** (5 prosent).
- L06 har medverka til å endre **samarbeidet med skuleleiinga** (5 prosent).

Når det gjeld forventingar blant lærarar til eventuelle endringar som følgje av L06, er dei særleg knytte til bruk av IKT, naturfag, der forskartankegangen no er sentral, og til endringar i undervisningsmåtar. Det vert også formidla at endringane i skulen ikkje vert drastiske som følgje av ein ny plan, men at det som skal til for å skape endring ikkje er planen, men dei fysiske rammene, elevtal pr lærar og utstyr. Somme lærarar kommenterer at ny læreplan gir ny giv, medan andre meiner at eventuelle endringar som oftast ikkje har samanheng med ny læreplan, men at det først og fremst heng i hop med grunnleggande endringsorientering hos skuleleiar og lærarar og med trendar som ligg i tida.

I spørjeundersøkinga stilte ved spørsmål til informantane om dei meinte at L06 hadde medverka til ei positiv utvikling i skulen. Figuren nedanfor

illustrerer kva oppfatningar skuleeigarar, skuleleiarar og lærarar har på dette spørsmålet.



Figur. 3.1: Vurderingar av i kva grad L06 har medverka til ei positiv utvikling for skulane i kommunen (skuleeigar), i skulen (skuleleiar) eller i undervisninga (lærarar).

Oppsummert kan ein seie at om lag halvparten av skuleeigarane, skuleleiarane og lærarane meiner at L06 i middels grad har medverka til ei positiv utvikling i forhold til deira ansvarsområde i skulen. Dei andre skuleeigarane og skuleleiarane er stort sett å finne blant dei som i høg grad er positive, medan lærarane ikkje i same grad delar den vurderinga. Samanlikna med lærarane ser det altså ut til at skuleeigarar og skuleleiarar har ei meir positiv oppfatning av i kva grad L06 har medverka til ei positiv utvikling ved skulen og i undervisninga. Ei forklaring på skilnadene mellom skuleleiarar/skuleeigarar og lærarar kan vere at lærarane i mindre grad enn skuleleiarar koplar endringar (positive eller negative) konkret til L06. Dette kjem fram i den kvalitative delen av studien, der mange lærarar poengterer at endringar som ligg i L06 er resultat av trendar i tida, trendar som mange av lærarane meiner dei allereie har fanga opp og teke konsekvensen av. Med andre ord er ikkje ei eventuell positiv utvikling for skulane i kommunen kopla spesielt til L06. Ei anna forklaring kan vere at somme lærarar ser på endringane i L06 som ei reform som vil skape mykje meirarbeid og vere utfordrande med tanke på eigen kompetanse og skulekvardagen. Det kan verke som nokre lærarar kjenner meir på dette enn skuleleiarar og skulelærarar. Ei tredje forklaring kan vere at initiativet til tidleg oppstart i stor grad kjem frå endringsorienterte skuleleiarar og skuleeigarar, som i utgangspunktet er meir positive til endringar.

Ein av informantane som hadde erfaring med forsøket både som lærar og undervisningsinspektør, kan kanskje oppsummere noko av det inntrykket som mange gav i dei kvalitative intervjua:

Jeg vil si at jeg er litt fornøyd med overgangen fra L97 til L06. Det viktigste synes jeg er at man nå får faget mer i sentrum. Dette gir mer status til det å være lærer i rollen som forvalter av kunnskap. Slik sett er den indremedisinske virkningen på mange måter viktigst; folk kan rette ryggen mer enn før. Men det må gjøres noen grep som krever økonomi før man kan oppfylle de intensjonene som ligger i L06.

Når lærarane i mindre grad enn skuleleiarane og skuleigarane opplever at L06 har medverka til ei positiv utvikling, må dette vurderast i forhold til dei kritiske kommentarane som elles har kome frå lærarhald gjennom kartlegginga. Her er det naturleg å trekke fram at mange opplever at dei har hatt for lite kunnskap om tankegangen bak den nye læreplanen. Vidare er det ein del som lærarar som opplever at dei ikkje har kunne utnytte potensiale i den nye læreplanen på grunn av manglande kurs- og kompetansehevingstilbod.

### **3.3 Kva rolle spelar skulestorleik, organisasjonsmodell i kommunen, type skule osv for førebuing og iverksetjing av nye læreplanar?**

I studien er det lagt opp til å sjå erfaringane frå forsøket med tidleg oppstart av L06 i forhold til skulestorleik, type skular, geografisk plassering, organisasjonsmodell i kommunen og organisering/grad av sjølvstyre i skulen. Med utgangspunkt i dei opplysningane vi har, er det best grunnlag for å teste ut slike bakgrunnsvariablar i forhold til dei svara som **skuleleiarane** har gitt, i og med dette utgjer det største datamaterialet i studien.

Hovudintrykket frå denne delen av kartlegginga er at erfaringane med oppstarten av nye læreplanar ikkje varierer vesentleg med tanke på bakgrunnsvariablane vi har sett på. Det er likevel ein nokre variasjonar som kan nemnast:

- Vi har til dømes alt tidlegare sett at særleg kommunar som er organiserte med eigne etatssjefar som seier at kommunen har ei aktiv rolle som **pådrivar for innføringa av L06** (jf. kapittel 3.1.1).



## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

- Det bør også nemnast at eigarane i dei største kommunane (20.000 innbyggjarar og meir) i større grad enn eigarane i mindre kommunar har **henta informasjon frå Utdanningsdirektoratet** (55 prosent av eigarane i dei største kommunane har i svært høg eller høg grad gjort dette, mot 33 prosent i dei mindre kommunane). Organisering av kommunen er også ein variabel som gjev utslag her. Medan 58 prosent av dei kommunane som var organiserte med eigen etatssjef i svært høg eller høg grad henta informasjon frå Utdanningsdirektoratet, gjorde 36 prosent av kommunar med ein annan organisasjonsmodell det same.
- Skuleleiarane i dei største kommunane opplever i større grad enn skuleleiarar i dei minst kommunane at skuleeigar har **god innsikt og kunnskap** om Kunnskapsløftet (73 prosent i store kommunar og 51 prosent i små kommunar).
- Eit døme på skilnader mellom ulike type skular, er knytt til spørsmålet om innføringa av L06 har endra **rutinar for resultatoppfølging** i skulen. Dei skulane som er organiserte som eigne resultateiningar er i størst grad einige i at L06 har endra rutineane for resultatoppfølging i skulen (57 prosent av skuleleiarane). Blant dei andre skuleleiarane er det 39 prosent som er einige i same påstanden.

Elles er det særleg eitt tema, der det er variasjonar i svara frå skuleleiarane, alt etter kva type skular dei representerer. Det gjeld delar av dei forventningane dei har til ein nasjonal læreplan. Skilnadene gjeld særleg:

- **Innhald og ramme for faget.** Ved skular som er organiserte som **eigne resultateiningar**, vil 55 prosent av skuleleiarane ha forpliktande retningsliner for dette området. Ved skular som ikkje er organiserte på denne måten ønskjer derimot 58 prosent av skuleleiarane tilrådingar for same område. På same måte ønskjer 60 prosent av skuleleiarane frå dei **største kommunane** (20.000 innbyggjarar eller meir) forpliktande retningsliner i forhold til innhald og ramme for faget, medan 55 prosent av skuleleiarane i dei minste kommunane ønskte dette som tilrådingar. Vidare finn ein same mønsteret om ein samanliknar skular etter storleik, ved at 60 prosent av skuleleiarane ved dei **største skulane** (meir enn 300 elevar) ønskjer forpliktande retningsliner for innhald og ramme for faget, 51 prosent av leiarane på skular med mellom 100 og 300 elevar og 56 prosent av leiarane ved dei aller minste skulane ønskte tilrådingar på same område.

- **Fastsetting av når emne skal handsamast.** Her er det størst skilnad mellom skuleleiarar ved skular som er **eiga resultateining** og skular som ikkje er organiserte slik. I dei første tilfella ønskjer 60 prosent av leiarane forpliktande retningsliner i ein nasjonal læreplan på dette området. For skuleleiarar der skulen ikkje er organisert som eiga resultateining, er det 62 prosent som heller ønskjer at læreplanen skal gje tilrådingar på dette området.
- **Kriterium for vurdering av prestasjonar.** Her er det særleg **skulestorleik** som gjev utslag. I alt 48 prosent av skuleleiarane ved skular med fleire enn 300 elevar ønskjer forpliktande retningsliner for vurdering av prestasjonar, medan 63 prosent av leiarane på skular med mellom 100 og 300 elevar og 67 prosent av leiarane på dei minste skulane ønskte tilrådingar. Særleg skuleleiarar ved dei **fådelte** skulane ønskjer at det skal vere kriterium i form av tilrådingar. Dette gjaldt 11 av dei i alt 12 skuleleiarane ved fådelte skular som svara på skjemaet.

### 3.4 Rolla til foreldra

Eit sentralt mål i skulen er å ha eit godt skule–heim samarbeid. Gjennom Kunnskapsløftet, til dømes framheva i Læringsplakaten, skal det leggast til rette for samarbeid med heimen, og foreldra skal sikrast medansvar.

Eit gjennomgåande inntrykk frå besøka ved skular som har vore med på forsøket med nye læreplanar, er at foreldra i liten grad har vore involverte i arbeidet med planlegging og iverksetjing. Foreldra er informerte om at skulen hadde valt å ta del i forsøket og om kva dette inneber for elevane, men dei har i liten grad vore aktivt med. Svara frå **skuleleiarane** stadfestar langt på veg dette biletet.

- I alt seks prosent av skuleleiarane seier at dei ofte samarbeider med foreldra i **utforminga av lokale læreplanar**, medan 40 prosent gjer det av og til,
- Det er også ein del skuleleiarar som opplever at **samarbeidet** med foreldra har **endra** seg som følge av innføringa av L06. Det er nok likevel ikkje her dei største endringane ved reforma ligg. Berre 3 prosent av skuleleiarane sa seg heilt einige i denne påstanden, medan 22 prosent var noko einig.

I tillegg til dei inntrykka som er baserte på informasjon om samarbeidet med foreldra frå skulerepresentantane si side, viser tilbakemeldingane frå

## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

foreldrerepresentantane i foreldreutval/FAU følgjande når det gjeld samarbeid generelt:

- At **sosiale tiltak eller arrangement** er svært vanlege oppgåver for desse. I alt 98 prosent av representantane har hatt slike oppgåver, medan 82 prosent har hatt oppgåver knytt til **miljøspørsmål, trafikkspørsmål** eller liknande.
- Likevel viser svara frå foreldrerepresentantane, at mange også opplever å vere involverte i oppgåver knytt til **skuleutvikling og planleggingsarbeid**. I alt 78 prosent stadfesta at dette var tilfelle i for deira del.

Dei aller fleste av **foreldrerepresentantane** hadde også kjennskap til at skulen dei var knytte til hadde starta med nye læreplanar skuleåret 2005/2006. **Informasjonen** til foreldre hadde vore gitt på følgjande måte:

- Foreldremøte med kontaktlærer (46 prosent)
- Informasjonsbrev frå leiinga ved skulen (34 prosent)
- Foreldremøte for heile skulen (21 prosent)
- Informasjonsskriv med kontaktlærarar (3 prosent)
- Andre måtar, til dømes på FAU-møte (10 prosent)

Vidare viser tilbakemeldingane frå foreldrerepresentantane at:

- Berre ein av dei 68 foreldrerepresentantane som svara på skjemaet har som klassekontakt vore **involverte i planlegginga** av tidleg oppstart med nye læreplanar.
- I alt 72 prosent av foreldra gjev uttrykk for at dei har **noko eller mykje kunnskap** om Kunnskapsløftet og L06.
- Det er i alt 15 prosent av foreldrerepresentantane som opplever at **samarbeidet** med skulen og foreldra har **endra** seg etter innføringa av L06. Det området der flest opplevde at samarbeidet hadde endra seg mest, var medverknad i planar for skulen. I alt ni prosent av alle foreldrerepresentantane opplevde at dette var tilfelle.
- I alt 40 prosent av foreldrerepresentantane opplever at L06 har vore **positivt for læringsarbeidet** til elevane.

## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

- I alt 35 prosent av foreldrerepresentantane gjev uttrykk for at innføringa v L06 har vore **motiverande** for elevane.

Kartlegginga viser at foreldra i liten grad har vore aktive samarbeidspartar i planlegging og iverksetjinga av oppstart med nye læreplanar. Dei er informerte om oppstarten og ved nokre skular har eventuelt tidleg oppstart vore drøfta i samarbeidsutval og FAU. Men for det meste er det snakk om at skulen og/eller kommunen har sendt ut informasjon om Kunnskapsløftet generelt og om oppstarten ved deira skule spesielt. Med utgangspunkt i måla framheva mellom anna i Læringsplakaten er det, så langt, ein veg å gå før ein kan snakke om medansvar frå foreldra. Kanskje trengst det også rettleiing og råd om korleis det kan leggjast til rette for å sikre foreldra medansvar i skulen med tanke iverksetjinga av den nye læreplanen.

## 4 Oppsummering og konklusjonar

Vi presenterer først nokre generelle konklusjonar knytte til kvar av hovudproblemstillingane, deretter følgjer nokre meir spesifiserte, punktvisse konklusjonar.

Kartlegginga gir ikkje noko eintydig bilete av om det er skuleeigarar eller skuleleiarar, eventuelt i samråd med lærarar, som har teke initiativ til tidleg oppstart med nye læreplanar. Det varierer. Når det gjeld motivasjonen for tidleg oppstart med nye læreplanar er hovudinntrykket at kommunar og skular har starta med heile eller delar av reforma fordi dette var ei reform dei måtte i gang med uansett, og at dei difor like gjerne kunne starte tidleg. På den måten kunne dei prøve ut reforma heilt eller delvis, for alle steg eller nokre steg, i alle fag eller utvalde fag. I dette ligg også at forsøket ikkje berre omfattar dei mest utviklingsorienterte skulane, men også eit relativt breitt utval av norske skular. Ved mange skular var årsaka til tidleg oppstart knytt til vedtaket om 2.framandspråk. Eit vedtak som vart endra med eit regjeringsskiftet, slik at faget likevel ikkje vart obligatorisk.

Planlegginga har gått føre seg på ulikt vis i kommunar og ved skulane. I kommunar der alle eller fleire skular har vore med i forsøket, er det i mange tilfelle slik at skulane samla har arbeidd med fagplanar på tvers av skular. Lærarane har då vore med i grupper knytte til ulike fag. I kommunar der skulenivået har vore initiativtakarar og pådrivarar, har planlegginga skjedd ved den enkelte skule, men etter om lag same mal som der kommunenivået har organisert arbeidet, altså at lærarane er organiserte i faggrupper som utviklar planar for eitt fag. Vårt inntrykk er at det generelt har vore lite tid til langsiktig planlegging av oppstarten, og at det i mange tilfelle er snakk om planlegging undervegs. Planlegginga vart vanskeleg for fleire kommunar og skular fordi dei i planlegginga av oppstarten tok utgangspunkt i høyringsutkast, medan endeleg plan vart godkjend i august 2005. Dette skapte frustrasjon og meirarbeid.

Kartlegginga viser at skuleeigarar, skuleleiarar og lærarar har relativt god kunnskap om og innsikt i reforma generelt. Men det er fleire lærarar som etterlyser meir kunnskap om bakgrunnen for den nye læreplanen, og ikkje minst om fagplanane.

Behovet for kurs og kompetansehevingstiltak relatert til L06 er stort, både når det gjeld fagkunnskap, undervisningsmetode, vurderingsarbeid osv. Kunnskap om iverksetjing av læreplanar og fagkunnskap vert også etterspurt.

## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

Men vi vil poengerte at mange lærarar og skuleleiarar ser større verdi av utviklingsarbeid (kompetansehevingstiltak) som skjer ved eigen skule i tilknytning til arbeidet med nye læreplanar, enn ved deltaking på eit kurs som ikkje direkte er kopla til arbeidet ved skulen. Ved skular som hadde sett av tid til lokalt læreplanarbeid, synest det som om lærarane var meir nøgde med, og motiverte for, arbeidet med iverksetjing av den nye læreplanen. Kartlegginga viser altså at iverksetjing av nye læreplanar føreset at det vert lagt til rette for lokalt læreplanarbeid og kollegalæringa.

Planlegging og iverksetjing av reformer tek tid. Vårt inntrykk er at det i spørsmålet om ressursbruk oftare vert peika på tidsressursar enn økonomi, men tid er også pengar.

Foreldra er for det meste informerte om oppstart med nye læreplanar, men har i liten grad vore deltakande i førebuinga og planlegginga av tidleg oppstart.

Fridomen og fleksibiliteten i utforming av læreplanar vert for det meste vurdert som positiv. Mange lærarar føler at dei meistrar dei utfordringane og mulegheitene som ligg i dette, både når det gjeld innhaldsmessige/faglege sider og undervisningsmåtar. Men somme lærarar er usikre på korleis dei skal følgje opp L06. Dette gjeld særleg lærarar på dei lågaste stega og ved dei minste skulane, der lærarane ofte følgjer elevane i alle faga.

I kartlegginga har det også vore fokus på kva synspunkt skuleigarar, skuleleiarar og lærarar har med tanke på innhaldet i ein nasjonal læreplan (jf kapittel 3.2.1). Når det gjeld utdanningspolitiske målsetjingar vil minst halvparten av både skuleeigarar, skuleleiarar og lærarar ha dette som **forpliktande retningsliner** i ein nasjonal læreplan. På fire område seier minst halvparten av både skuleeigarar, skuleleiarar og lærarar seier **ja til tilrådingar** i ein nasjonal læreplan. Det gjeld tilvising til læremidlar, metodar, framgangsmåtar, praktiske idear om korleis ein verkeleggjer krav i læreplanen, litteraturtilvising for dei enkelte emna og pedagogiske og fagdidaktiske grunngevingar. Skuleeigarar, skuleleiarar og lærarar ser **minst behov for forpliktande retningsliner og tilrådingar** i ein nasjonal læreplan når det gjeld opplysing om når emne skal handsamast og rekkefølga for emne som skal handsamast.

Dei hjelpemidlane som er mest brukte i utforming av lokale læreplanar er fagplanar, innhaldet i Læringsplakaten, L97 generell del og L97 fagplanar. Tidlegare planar ved skulen vert også brukte relativt mykje i arbeidet med lokale læreplanar i samsvar med L06. I utforminga av lokale læreplanar

## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

synest behovet for hjelpemidlar som gjeld metodiske forhold og læringsstrategiar å vere større enn behovet for lærebøker eller andre hjelpemidlar som gjeld innhaldet i dei ulike faga. Lærarar gir elles uttrykk for at dei gjerne kunne tenkt seg å vite meir om ideane som ligg til grunn for utforminga av dei nasjonale læreplanane i ulike fag

Generelt ser det ut til at Kunnskapsløftet vert vurdert som ei reform som medverkar til meir fokus på mål og vurdering av måloppnåing hos elevar. L06 har for mange lærarar ført til meir fokus på vurdering, men det vil ikkje alltid seie at testing ved prøver vert oppfatta som det mest føremålstenlege verkemiddelet. Å vere observant og å bruke alle timar som grunnlag for vurdering av eleven vert framheva som ønskjeleg.

Relativt mange skular tok utgangspunkt i vedtaket om obligatorisk 2. framandspråk når dei søkte om løyve til tidleg oppstart med nye læreplanar. Mange av desse vart skuffa, og måtte delvis legge om planane når ny regjering hausten 2005 avgjorde at faget likevel ikkje skulle vere obligatorisk. Skulane har i stor grad lagt opp til ei munnleg og praktisk tilnærming i 2. framandspråk. Mange stader er det eit populært fag, som resulterer i at ikkje alle kan få førstevalet. Men ei anna erfaring er at svake elevar strevar med dette faget.

Med tanke på programfag til val er erfaringane gode ved dei skulane som har starta berre med programfag, eventuelt eitt eller to fag til. Medan skulane som har starta med L06 i alle fag ikkje ser ut til å ha kome i gang med programfaga i særleg grad. Dette kan tyde på at programfag til val må ha meir fokus dersom ein skal få til målretta arbeid med faget.

Gjennomgåande er informantane positive til læringsplakaten. Dei positive haldningane ser ut til å ha samanheng med at dei opplever både dei etiske og pedagogiske verdiane som samanfallande med deira egne. Men hovudinstrykket er at læringsplakaten ikkje i stor grad er aktivisert bevisst ved skular som har starta med nye læreplanar. Det vil likevel ikkje seie at skulane ikkje tek omsyn til innhaldet i Læringsplakaten. Lærarane opplever at deira syn på læring samsvarar med innhaldet i Læringsplakaten. Det er positivt med Læringsplakaten at han er konkret, kort og konsis.

Tidlegare studiar viser at nye læreplanar ikkje automatisk får gjennomslag i praksis i skulen (jf kapittel 1.3). I dette bilete vil truleg utviklingsorientering blant skuleleiing og personalet vere ein sentral variabel. Gjennom kartlegginga har vi også sett skular som ligg i forkant av dei endringane som ligg i L06. Dette er gjerne skular som både er opptekne av å tolke signal som ligg i politiske dokument og å fange opp endringar i

## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

tida. Det å rette seg etter den nye læreplanen blir i slike tilfelle å gjennomføre mindre justeringar av praksis, i staden for omlegging av eigen praksis. For slike skular blir gjerne den nye læreplanen meir ein sjekk på om dei er på rett veg i eige utviklingsarbeid, enn eit dokument som inneber store omveltingar. Etablering av ein utviklingsorientert praksis i skulen, gjer såleis overgangen til ei ny læreplan mindre dramatisk.

- Kartlegginga viser at det er metodefridom, målformuleringar og kunnskapsmåla i tilknytning til L06 som vert vurdert som dei største endringane samanlikna med L97.
- Det ser ut til at ungdomsskulelærarar, som gjerne har faglærarkompetanse, føler seg sikrere og tryggare i det lokale planleggingsarbeidet enn kva allmennlærer på barnetrinnet gjer. Dette gjeld særleg på dei lågaste stega, der lærarane ofte følgjer elevane i alle faga. L06 ei særleg utfordring for lærarar ved små skular, fordi lærarane der oftast har mange/alle fag og undervisere på fleire årssteg. Elles ser det ut til at erfaringane med tidleg oppstart med nye læreplanar i liten grad varierer med tanke på type skule, organisasjonsmodell i kommunen osv.
- Somme lærarar fortel både om manglande tid og kompetanse til å gjere den typen faganalysar som planen krev og forventar at lærarane skal gjere.
- Sjølv om lærarane ønskjer rettleiing og bruk av konkrete hjelpemiddel i utforming av undervisninga, kan det sjå ut til at somme skular opplever at den opne planen tvingar skulen til å analysere og lage ein årsplan som er utvikla på grunnlag av ein djuptgåande læreplananalyse.
- Ein kan forvente at L97 og lærebøker framleis vil spele ei rolle med tanke på at L06 gir lite konkret å forholde seg til. Men på den andre sida har L06 medverka til at mange skular gjennomfører meir grundige læreplananalysar enn det dei tidlegare har gjort.
- Som følgje av Kunnskapsløftet er behovet for hjelpemiddel og kurs/kompetanse særleg stort når det gjeld metodar, læringsstrategiar og læringsstilar.
- Mange opplever manglande IKT-kompetanse. Mangel på støttefunksjonar, tilstrekkeleg og oppdatert utstyr er også ei utfordring for mange skular.
- Utviklingsarbeidet som skjer ved den enkelte skule er like viktig for kompetanseutvikling som enkeltkurs knytte til spesielle tema/fag.
- Erfaringane med 2.framandspråk er at det verkar positivt for mange elevar, men faget er vanskeleg for svake elevar og elevar med andre morsmål enn norsk.



## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

- Fleksibiliteten som ligg i ny fag- og timefordeling er, så langt, ikkje utnytta i noko stort omfang.
- L06 gir større utfordringar knytte til elevar som byter skule.
- L06 medverkar til større utfordringar for vikarlærarar.
- Foreldra har først og fremst blitt orienterte gjennom foreldremøte, og foreldresamarbeidet er i liten grad endra som følgje av oppstart med L06.
- Kartlegginga viser endringstendensar når det gjeld:
  - skulen sine satsingsområde for kompetanseutvikling
  - satsingsområda i planane ved skulen
  - bruken av undervisningsopplegg
  - faglege krav til elevane
  - rutinar for resultatoppfølging
- Mange av informantane i kartlegginga opplever at nye læreplanar gir ny giv.
- Fleire meiner også at utviklingsorientering hos lærarar og skuleleiarar er det viktigaste for endring.
- Fleire av skulane oppfattar seg sjølv som endringsorienterte, og meiner at endringar som skulen er inne i ikkje har direkte samanheng med Kunnskapsløftet. Såleis kan ein spørje om det er L06 eller trendar i samfunnet generelt som ligg til grunn for endringar i skulane.

Auka lokal fridom, som ligg i Kunnskapsløftet, vil stille større krav til lærarane. ”*Den god læreren er gull verdt*” skriv Alfred Oftedal Telhaug (2004:142). I Stortingsmelding nr 30 (2003-2004) vert også verdien av den gode læraren understreka; ”*Alle planer om å utvikle og forbedre skolen mislykkes uten kompetente, engasjerte og ambisiøse lærere og skoleledere (s. 2).*”

## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

## Litteraturreferansar

- Bachmann, K. (2002): Læreplanens betydning for lærernes arbeid. I K. Nesje og S. Hopmann (red.): *En lærende skole. L97 i skolepraksis*. Oslo, Cappelen Akademisk Forlag.
- Bachmann, K.; Sivesind, K.; Afsar, Azita og Hopmann, S. (2004): *Hvordan formidles læreplanen? En komparativ evaluering av læreplanbaserte virkemidler – deres utforming, konsistens og betydning for læreres praksis*. Forskningsserien nr. 40. Høgskolen i Agder. Kristiansand, Høgskoleforlaget.
- Cuban, L. (1986): *Teachers and Machines: The Classroom Use of Technology since 1920*. New York, Teachers College Press.
- Eisner, E. (1992): Educational Reform and the Ecology of Schooling. *Teachers College Record*, 93 (4), 610-627.
- Ekholm, M. og Kull, M. (1996): School Climate and Long Term Changes. Empirical Findings of Stability and Change in Nine Schools that have been followed over 25 years. Trykket i compendium til: Research Conference: *Does History Matter; Stability and Change in Education. Trondheim, 7-9. oktober 1999, Departement of Education, Norwegian University of Science and Technology*.
- Hagen, A., Nyen, T. og Hertzberg, D. (2006): *Evaluering av "Kompetanse for utvikling. Strategi for kompetanseutvikling i grunnsopplæringa 2005-2008"*. Delrapport 1 Fafot-notat 2006:09.
- Hargreaves, A. (1994): *Lærerarbeid og skolekultur. Læreryrkets forandring i en postmoderne tid*. Oslo, Ad Notam Gyldendal.
- Monsen, L. (1999): Reform 94 som læreplanreform - mot nye elev- og lærerroller. I R. Kvalsund, T. Deichman-Sørensen og P.O. Aamodt (red.): *Videregående opplæring - ved en skilleveg?: forskning fra den nasjonale evalueringen av Reform 94*. Oslo, Tano Aschehoug.
- NOU 2003: 16: *I første rekke*. Oslo, UFD.
- Speitz, H og Simonsen, T. (2006) *Evaluering av prosjektet "Forsøk*

Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar

---

*med tidlig start i 2. fremmedspråk*” Delrapport 1, Rapport 2/2006, Telemarksforskning – Notodden.

Stortingsmelding nr 30 (2003-2004): *Kultur for læring*. Utdannings- og forskingsdepartementet


Telhaug, A.O. (2004): *Kunnskapsløftet – ny eller gammel skole? Beskrivelse og analyse av Kristin Clemets reformer i grunnsopplæringen*. Oslo, Cappelen Akademisk Forlag.

Tyack, D. og Cuban, L. (1995): *Tinkering Toward Utopia. A Century of Public School Reform*. Cambridge, Mass., Harvard University Press.


Utdannings- og forskingsdepartementet (2006): *Framtidas norskfag. Språk og kultur i eit fleirkulturelt samfunn*. Rapport, arbeidsgruppe oppnemnt av Utdannings- og forskingsdepartementet.

## Figurvedlegg

### Oppstart: Motivasjon, initiativ og pådrivarar




Figur 1. Skuleleiarar si vurdering av kven tok initiativ til innføringa av L06 i kommunen.




Figur 2. Vurderingar av påstanden om at det har vore motiverande for personalet å starte med ny læreplan.


### Kunnskap om og innsikt om reforma



Figur 3. Informasjonskjelder for skuleeigar i samband med innføringa av L06.




Figur 4. Viktige kjelder for læring og utvikling ved innføring av L06 for skuleleiarane.



Figur 5. Viktige kjelder for læring og utvikling ved innføring av L06 for lærarane.




## Kompetanse og kompetanseutvikling




Figur 6. Fagområde etter i kva grad dei er dekte gjennom kompetansekurs for personale ved skulane. Opplysningar frå skuleleiar.


Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar



Figur 7. Fagområde som er dekte og ikkje dekte gjennom kompetansekurs i samband med innføringa av L06. Svar frå lærarar.




Figur 8. Kor ofte personalet ved skulen har hatt tilbod om å delta i kompetansehevingstilbod om innføringa av L06 i løpet av siste år. Svar frå skuleleiar.




Figur 9. Vurdering av nytte av kurstilbod i forhold til undervisningsarbeid i det faget lærarar legg til grunn for egne svar.

## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar




Figur 10. Vurderingar av kva område deltaking på kurs og konferansar har vore til nytte i eige undervisningsarbeid for lærarane.

## Ressursbruk




Figur 11. Skuleeigar si vurdering av kva ressursar innføringa av L06 har kravd i skulane og kommunen.


## Utforming av lokale læreplanar



Figur 12. Skuleeigar si vurdering av i kva grad dei har hatt samarbeidet med skuleleiinga i utforminga av lokale læreplanar.




Figur 13. Frekvens for deltaking i utforming av lokale læreplanar blant skuleleiarane.




Figur 14. Samarbeidspartar i utforminga av lokale læreplanar for skuleleiarar.




## Hjelpemidlar i utforminga av lokale læreplanar og undervisning




Figur 15. Hjelpemidlar som skulen har brukt i utforminga av lokale læreplanar, i følge skuleleiarane.




Figur 16. Hjelpemidlar som lærarar har brukt i planlegging og undervisning i løpet forsøket med nye læreplanar.




Figur 17. Hjelpemiddel som lærarane har brukt i utviklinga av årsplanen/halvårsplanen i det faget læraren legg til grunn for svare sine.



Figur 18. Oversikt over kor ofte lærarane brukar ulike hjelpemiddel i planlegginga og undervisninga i det faget dei legg til grunn for svara sine.




Figur 19. Funksjonen til ulike typar læremidlar i undervisninga i det faget lærarane legg til grunn for svara sine.




Figur 20. Vurderingar av i kva grad L06 er til hjelp i arbeidet med det faget legg til grunn for svara sine.

## Læreplanen – innhald, struktur, forståing og betydning




Figur 21. Forventningar til ei nasjonal læreplan blant lærarane.




Figur 22. Forventningar til ei nasjonal læreplan blant skuleleiarane






Figur 23. Forventningar til ei nasjonal læreplan blant skuleigarane.

## Endringar som følgje av innføring av L06




Figur 24. Vurderingar av ulike endringar som følgje av L06. Skuleeigarar.


## Kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart med nye læreplanar



Figur 25. Vurderingar av ulike endringar som følgje av L06. Skuleleiarar.



Figur 26. Vurderingar av endring i eiga rolle og forståing som følgje av innføringa av L06. Skuleleiarar.



Figur 27 . Vurderingar av ulike endringar som følgje av L06. Lærarar.